

Gloppen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 05.06.2015

Møtestad: Gloppen heradshus, formannskapssalen

Møtetid: Kl. 10:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 016/15,
revisor i sakene 016-017/15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
014/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/15	Skriv og meldingar 3-2015
016/15	Uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune
017/15	Tinging av overordna analyse
018/15	Oppfølgingsliste 3-2015
019/15	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Bø
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 05.06.2015	Saksnr 014/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/332
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 05.06.2015	Saksnr 015/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/346
---	----------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 3-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	23.03.2015	Melding om vedtak i kommunestyret: Sak 014/15 Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet, handsama 23.3.2015	15/597
2	27.03.2015	Arbeidsplan 2015 og 2016 for SEKOM-sekretariat	15/398
3	26.03.2015	Årsmelding 2014 - SEKOM-sekretariat	15/624
4	29.05.2015	Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med Gloppen kommune - samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen, datert 30.4.2015	15/1106

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



SEKOM-sekretariatet
Postboks 338

6802 FØRDE

Att: Audhild Ragni Vie Alme

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
15/3664

Dato
23.03.2015

Årsmelding for 2014 frå Gloppen kontrollutval

Kommunestyret i Gloppen godkjende på møtet i dag kontrollutvalet si årsmelding for 2014 i samsvar med utvalet si tilråding.

Kopi av kommunestyret si møtebok i sak 14/15 ligg ved.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
242800	Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	23.03.2015	014/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Audhild Ragni Vie Alme	Objekt: Arkiv: 004	Arkivsaknr.: 15/272-3
--	-------------------------------------	---------------------------------

Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
240571 Årsmelding Gloppen kontrollutval 2014

Bakgrunn for saka:

Dette er ei sak frå kontrollutvalet:

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå Gloppen kontrollutval til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen, og rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

I sak 4/15, datert 4. februar 2015, gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

Årsmelding 2014 frå Gloppen kontrollutval vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet i Gloppen.

23.03.2015 KOMMUNESTYRET

014/15 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet i Gloppen.

Vedtaket var samrøystes.

SEKOM-sekretariat

Arbeidsplan 2015 og 2016



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015
Saksnummer: 004/15: Samrøystes vedteken.
Referanse: 15/398

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «*Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar*».

Verksemda har 2 tilsette i heile stillingar:

- Dagleg leiar Arnar Helgheim
- Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme

Bakgrunnsinformasjon

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- | | |
|------------------|-----|
| • Fast del | 25% |
| • Etter tidsbruk | 25% |
| • Etter folketal | 50% |

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Denne registreringa er utgangspunkt for etterjustering av tilskot frå kvar av eigarkommunane.

Vedtektene gir styret rett til mellom anna:

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel

Vedtekter og samarbeidsavtale ligg på nettsidene www.sekom.no

Styrande organ

Styret har 15 medlemar. Ein frå kvar av eigarkommunane. 5 av styremedlemene er valde til å utgjere arbeidsutval. Terje Engvik (Førde) er styreleiar og Siv L Rotevatn (Eid) er nestleiar.

Vi legg opp til to styremøte og eitt møte i arbeidsutvalet pr år:

- Styremøte i samband med rekneskap, årsmelding med meir ca mars månad
- Styremøte i samband med budsjett for neste år ca oktober månad

- Arbeidsutvalsmøte om løns- og arbeidsvilkår og evt andre tilhøve ca juni måned

Ytterlegare møte ved behov etter avtale med styreleiar.

Løpande arbeidsoppgåver

Oppsummering av løpande oppgåver som ligg til SEKOM-sekretariat:

- Førebu saker til handsaming i kontrollutvala. Utreie relevante tilhøve slik at utvalet har eit best mogeleg grunnlag for si handsaming.
- Praktisk gjennomføring av kontrollutvalsmøta
- Post, sak og arkivfunksjon for kontrollutvala.
- Ha kontakt og samarbeid med kommunane sine revisorar.
- Drøfte og samarbeide med revisor om spesielle moment som revisor gjer merksam på ved gjennomgang av årsrekneskapen. Særleg atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga.
- Ha kontakt med administrasjonen i kommunane om aktuelle saker og informasjon til kontrollutvala.
- Fagleg oppdatering og utvikling. Dei tilsette deltek på aktuelle kurs og konferansar innan fagområdet. SEKOM-sekretariat er aktiv deltakar i sekretariatsforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Sjå også tabellen «Kontrollutvala – aktuelle saker» som ligg til slutt i arbeidsplanen.

I utgangspunktet legg vi opp til same møtefrekvens i kontrollutvala som det har vore dei seinaste åra:

Kommunar	Møte pr år
Flora og Førde	8
Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn	5
Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund	4

Det vert sett opp ekstra møte ved behov, etter avtale med kvart utval / utvalsleiar. Samla møteplan vert oppdatert jamleg og er publisert på SEKOM-sekretariat si nettside.

Prioriterte arbeidsoppgåver

Oppgåver som er særskilt prioriterte i 2015 og 2016.

Oppstart etter kommunevalet

Mål:

- Dei nye kontrollutvala skal vere operative raskast mogeleg.
- Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Tiltak:

- Sende ut informasjon om val av kontrollutval ved konstitueringa til alle eigarkommunane ca 1. september.

- Oppstartsmøte for alle utvala innan utgangen av 2015. Fokus på å «bli kjent». Enkel presentasjon av SEKOM-sekretariat og revisjonsselskapet i tillegg til ei første innføring i kontrollutvalet sine oppgåver.
- Alle kontrollutvala deltek på fylkesomfattande opplæring tidleg i 2016.
- Lage opplegg for vidare opplæring og utvikling av kontrollutvala til neste årsplan. Dette kan t.d. vere fellessamling for nokre eller alle kontrollutvala i vårt område.
- SEKOM-sekretariat ønskjer å få høve til å presentere selskapet og kontrollutvalsfunksjonen for kvart kommunestyre. Seinast før sommaren 2016. Vi kontaktar nyvalde ordførarar om dette etter konstitueringa hausten 2015.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Mål:

- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal vere handsama av kontrollutvala sinast oktober 2016.
- Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.

Tiltak:

- Samarbeid med dei to revisjonsselskapa allereie frå vinteren 2015 om overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.
- Utnytte både sekretariatet og revisjonsselskapa sine ressursar på ein effektiv måte gjennom samarbeid på tvers av kommunane.
- Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.
- Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa. Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.

Informasjonsarbeid

Mål:

- Alle dokument som kan vere offentlege skal vere både offentlege og tilgjengelege.
- Kontrollutvalet sine dokument skal vere minst like lett tilgjengelege for omverda som dokument i eigarkommunane.

Tiltak:

- Vidareutvikle bruken av Acos sine løysingar: Infolink (nettsida) og WebSak (sak/arkivsystem).
- Nyheitssak på kommunane sine nettsider med innkalling og sakliste til kontrollutvalsmøta. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Kontrollutvalet som eit synleg, fast meny punkt på kommunane sine nettsider. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Søkbar postjournal på nettsida med inn- og utgåande dokument tilgjengelege for direkte nedlasting.

- Samarbeide med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om å oppgradere Infolink. Inkludert i dette er ein (for SEKOM) ny modul «Innsyn» med søke- og publiseringsfunksjon på linje med kommunane (Sjå økonomi).
- Førespurnadar om innsyn og dokumentasjon som gjeld kontrollutvalet svarast på seinast dagen etter dei er komne inn.

Økonomi

Styret vedtok budsjett den 1. oktober 2014. Rekneskap for 2014 vert lagt fram i same møte som denne årsplanen. I budsjettet er det kr 40.000 som er sett av til reserverte løyvingar i tillegg til ordinære løns- og driftspostar.

Innanfor det vedtekne budsjettet, vert tilleggsmodulen «Innsyn» for vidareutvikling av nettsida prioritert. Etter tilbod frå Acos, har denne eingongskostnad på ca kr 55.000 i 2015. Årleg lisens er på kr 8.000.

Tabell med utdrag frå rekneskap og budsjett dei seinaste åra. Både i 2013 og 2014, var det periode med vakanse i stillingane som påverkar sum lønsutgifter desse åra.

	R2013	B2014	R2014 (ca)	B2015
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000	1 839 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000	587 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000	2 426 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000	-31 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000	2 395 000

Kontrollutvala – aktuelle saker

Sak	Heimel	Merknad	KU si rolle	Månad											
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak												
Revisor si uavhengigheit	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak												
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding												
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding												

Rekneskapsaker

Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale												

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Overordnan analyse	F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden	Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr.													
Plan forvaltningsrevisjon	F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.	Delegert i plan for forvaltningsrevisjon	Vedtak												
Rapport forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.		Tilråding												
Plan selskapskontroll	F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6	Delegert i plan for selskapskontroll	Vedtak												
Rapport selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6		Tilråding												
Andre revisionsrapportar			Tilråding												

Skriv og meldingssaker

Skatterekneskapen															
Årsrapport SEKOM															
Årsrapport revisionsselskap															
Oppfølgingsliste		Oppdatert for kvart møte													
Tilsynsrapportar Fylkesmannen		Til informasjon og evt. Oppfølging													

Andre saker som kan vere aktuelle

KU kan ta opp andre saker															
Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm.	Kml . §80.														
Oppfølging revisionsmerknader	Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8														
Orienteringar frå revisor		Utvalet kan etterspørre													
Orienteringar frå rådmann eller andre i opplæring / fagleg påfyll kontrollutval		Utvalet kan etterspørre													

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2014



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015

Saksnummer: 003/15

Referanse: 15/33

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar
1	Reidar Fristad, Askvoll	1	Jorunn Blom Aalen, Askvoll
2	Stig Bakke, Bremanger	2	Jarle Frøyen, Bremanger
3	Siv L Rotevatn, Eid (nestleiar)	3	Torbjørn Nes Hjelle, Eid
4	Magne Norddal, Fjaler	4	Anny Mari Holm Solheim, Fjaler
5	Bjørn Hollevik, Flora	5	Siv Madsen, Flora
6	Terje Engvik, Førde (leiar)	6	Monica Alisøy Kjelsnes, Førde
7	Joar Aarnes, Gaular	7	Anita Eide, Gaular
8	Per Jarle Myklebust, Gloppen	8	Ola Tarjei Kroken, Gloppen
9	Lars Atle Larsen, Gulen	9	Laila Nyhammer, Gulen
10	Jon Åge Torheim, Hornindal	10	Elsa Eilertsen Räftevold, Hornindal
11	Morten Askvik, Hyllestad	11	Øyvind Høye, Hyllestad
12	Johannes Juklestad, Jølster	12	Arve Dvergsdal, Jølster
13	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	13	Elin Schei Stuhaug, Naustdal
14	Anne Kari Reigstad, Solund	14	Birger Hjønnvåg, Solund
15	Rune Myklebust, Stryn	15	Aud Jorunn Hool Egge, Stryn

Leiar:	Terje Engvik
Nestleiar:	Siv L Rotevatn

Arbeidsutvalet pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar (1.vara)		Personlege varamedlemar (2.vara)
1	Terje Engvik, Førde, leiar	1	Bjørn Hollevik, Flora	1	Joar Årnes, Gaular
2	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	2	Magne Norddal, Fjaler	2	Reidar Fristad, Askvoll
3	Siv L Rotevatn, Eid, nestleiar	3	Stig Bakke, Bremanger	3	Jon Åge Torheim, Hornindal
4	Per Jarle Myklebust, Gloppen	4	Rune Myklebust, Stryn	4	Johannes Juklestad, Jølster
5	Ann Kari Reigstad, Solund	5	Lars Atle Larsen, Gulen	5	Morten Askvik, Hyllestad

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
25. februar 2014	5
1. oktober 2014	3
Sum	8

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
19. juni 2014	2
(Telefonmøte)	

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar og rådgjevar. Det var skifte av dagleg leiar i løpet av 2014. Vidar Øvrebø slutta den 25. februar. Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme var konstituert som dagleg leiar i tida 26. februar – 31. mars. Arnar Helgheim tok til som dagleg leiar frå og med 1. april. Kontorstad er i 3. etasje i Førde rådhus.

Arbeidsåret 2014

Ved sidan dei løpande oppgåvene knytt til planlegging, gjennomføring og etterarbeid for dei 15 kontrollutvala, tek vi med litt informasjon om nokre tema i arbeidsåret 2014:

Oppstart og opplæring

Arbeidsåret vart naturleg nok prega av skifte i stillinga som dagleg leiar. Frå 1. april og ut første halvår, prioriterte vi oppstart og opplæring mellom anna ved at både tilsette deltok på kontrollutvalsmøta og i førebuing og etterarbeid til møta.

Sak- og arkivsystem

Arbeidsutvalet gav klarsignal til at vi kunne ta i bruk Acos WebSak som sak/arkivsystem allereie frå sommaren 2014. Dette er det same systemet som kommunane i vårt område brukar. Mesteparten av arbeidstida i den møtefrie perioden om sommaren, gjekk med til innføring og opplæring i systemet. Innføringa vart dekkja innanfor budsjettet.

Hausthalvåret var WebSak i full bruk, noko som mellom anna merkast ved at alle dokumentmalar var endra.

Informasjon

I august 2014, sende vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om:

- Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet
- Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem
- Nye malar for alle dokument
- Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Overordna analyse

Siste del av hausten 2014, starta vi planlegging av arbeidet med overordna analyse for neste valperiode. I første omgang har dette vore ved drøftingar med andre sekretariat og med dei to revisjonsselskapa som vert nytta (KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord).

Ressursbruk

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Sommaren 2014, arbeidde dei tilsette mest med innføring av sak/arkiv-system. Dette er døme på oppgåver som er ført under administrasjon. Fordeling dei to siste åra:

Kommune / oppgåve	2013		2014	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Askvoll	102	4,6 %	130	6,6 %
Bremanger	268	12,0 %	173	8,8 %
Eid	160	7,2 %	129	6,6 %
Fjaler	142	6,3 %	130	6,6 %
Flora	417	18,6 %	213	10,9 %
Førde	166	7,4 %	179	9,1 %
Gaular	107	4,8 %	101	5,2 %
Gloppen	129	5,8 %	137	7,0 %
Gulen	78	3,5 %	65	3,3 %
Hornindal	71	3,2 %	84	4,3 %
Hyllestad	126	5,6 %	151	7,7 %
Jølster	131	5,9 %	112	5,7 %
Naustdal	175	7,8 %	120	6,1 %
Solund	66	3,0 %	105	5,4 %
Stryn	99	4,4 %	133	6,8 %
Delsum	2237	100,0 %	1963	100,0 %
Felles/adm	1158		1250	
Total sum	3395		3213	

Rekneskap

	R2013	B2014	R2014
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000

Avslutning av rekneskapen

I samband med økonomirapport, vedtok styret den 1. oktober mellom anna: «Eit eventuelt overskot i rekneskapen for 2014 vert sett av som likviditetsfond». Selskapet sin revisor tok initiativ til ei avklaring av dei formelle tilhøva med fondsavsetjing sett i lys av regleverk og vedtekter. Styreleiar og dagleg leiar hadde avklaringsmøte med revisor Markvard Sunde (Kommunerevisjonen i Nordfjord) den 16.12.14. Konklusjonen frå møtet var at selskapet berre kan setje av til fond når det ligg føre budsjett (med beløp) på slik avsetjing.

Rekneskapsresultat

Ut frå avklaringa ovanfor, rår dagleg leiar til at rekneskapen for 2014 vert avslutta på same måte som dei føregåande åra:

- Netto forbruk er kr 198.565,81 under budsjettet. Dette vert avrekna mot tilskot frå eigarkommunane i 2015.

I den framlagde rekneskapen, er det teke omsyn til dette.

Andre tilhøve

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av tolv menn og tre kvinner. Blant varamedlemene er det seks menn og ni kvinner.

Skader/ulukker

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2014.

Underskrifter

Førde, 25.3.2015

Jorunn Blom Aalen

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Stig Bakke

Stig Bakke, Bremanger

Torbjørn Nes Hjelle

Torbjørn Nes Hjelle,
Eid

Magne Norddal

Magne Norddal, Fjaler

(forfall), Flora

Terje Engvik

Terje Engvik, Førde
(leiar)

Joar Aarnes

Joar Aarnes, Gaular

Per Jarle Myklebust

Per Jarle Myklebust,
Gloppen

Lars Atle Larsen

Lars Atle Larsen, Gulen

Jon Åge Torheim

Jon Åge Torheim, Hornindal

(forfall), Hyllestad

Johannes Juklestad

Johannes Juklestad,
Jølster

(forfall), Naustdal

Birger Hønnvåg

Birger Hønnvåg,
Solund

Rune Myklebust

Rune Myklebust, Stryn

Fra: Wangen, Anne Eli <fmsfaew@fylkesmannen.no>
Sendt: 29. mai 2015 08:58
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: SV: Rapport frå tilsyn med Gloppen kommune
Vedlegg: Tilsynsrapport Gloppen kommune.pdf

Hei!

Det er rett at du ikkje finn rapporten på Fylkesmannen si nettside. Den vil bli lagt ut både på Fylkesmannen si nettside og på Helsetilsynet si side ein av dei første dagane. Rapporten er sendt til kommunen for nokre veker sidan slik at du kan få tak i den der. Eg legg også ved ein kopi av rapporten til deg her.

mvh

Anne Eli Wangen
fylkessjukepleiar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fra: Audhild Ragni Vie Alme [[<mailto:Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no>](mailto:Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no)]
Sendt: 28. mai 2015 10:00
Til: Wangen, Anne Eli
Emne: Rapport frå tilsyn med Gloppen kommune

Hei,

Vi er sekretariat for kontrollutvalet i Gloppen kommune, og eg vil legge fram rapport frå tilsynet dykkar i Gloppen, som info til kontrollutvalet. Finn ikkje rapporten på heimesida til Fylkesmannen, men vil gjerne få den tilsendt viss den er ferdig. Eg skal sende ut sakene til kontrollutvalet i morgon, så fin om de kan gje snarleg tilbakemelding.

Tilsyn med Gloppen kommune

Tidsrom: ONSDAG 25.03.2015 08:00 - TORSDAG 26.03.2015 16:00

Stad: Kommunen

Ansvarleg: Fylkesmannen v/Anne Eli Wangen

Samhandling ved utskriving av pasientar frå spesialisthelseteneste til kommune.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 97170064, Tlf: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Adresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med Gloppen kommune - samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen

Adressa til verksemda: Grandavegen 9, 6823 Sandane
Tidsrom for tilsynet: 19.01.2015 – 30.04.2015
Kontaktperson i verksemda: Helse- og omsorgssjef Anita Lothe

Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte tilsyn med Gloppen kommune 25. - 26. mars 2015 og 17. april 2015.

Vi undersøkte om kommunen ved systematisk styring sikrar

- forsvarleg mottak av og helsehjelp til pasientar som vert skrivne ut til eigen bustad
- at pasientar/ pårørande får nødvendig informasjon og medverknad ved utskriving slik dei har krav på

Rapporten omtalar funn ved tilsynet.

Ved tilsynet vart det ikkje avdekt forhold som er i strid med helselovgjevinga.

I kapittel 6 har vi omtalt vår vurdering av kommunens styring med samhandling med spesialisthelsetenesta og fastlegane, og helsehjelp til pasientar som er skrivne ut til eigen heim.

Dato: 30.04.2015

Anne Eli Wangen
revisjonsleiar

Astrid Tveit
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	6
5. Funn.....	6
6. Vurdering av styringssystemet	6
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag.....	8
9. Deltakarar ved tilsynet.....	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Gloppen kommune i perioden 19.01.2015 – 30.04.2015. Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dette året.

Fylkesmannen har mynde til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenestene etter lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenestene m.m (helsetilsynslova) § 2.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda gjennom internkontrollen sin sikrar etterleving av ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfatta å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei temaa tilsynet omfattar
- om tiltaka vert følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerer
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovkrava vert følgde.

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgransking, intervju og andre undersøkingar.

Rapporten skal gjere greie for eventuelle avvik som er avdekte under revisjonen eller merknader frå tilsynet. Den gjev derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** betyr at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** vert brukt om forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, der tilsynsorganet likevel ser grunn til å påpeike forbettringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Gloppen kommune har 5694 innbyggjarar. Kommunen har to administrative leiarnivå under rådmannen; sektorleiarar og einingsleiarar. Sektorleiarane har delegert mynde innanfor sine fagområde. Rådmannen og sektorleiarane utgjer rådmannens leiargruppe. Sektorleiarane og einingsleiarane utgjer kommunen sitt leiarforum.

Helse- og omsorgssjefen er sektorleiar for helse- og omsorgstenestene som er delt på 13 einingar. Kvar eining har eigen einingsleiar. Einingaleiarane har sjølvstendig ansvar for administrasjon, økonomi, fag og personell i si eining. Tilsynet omfatta to av einingane som yter heimesjukepleie/heimetenester; Sandane heimeteneste og Gotatoppen. Gotatoppen er omsorgsbustader for demente med heildøgns bemanning.

Kommunen har tilsett kommuneoverlege som mellom anna er dagleg leiar for legetenesta og medisinsk fagleg rådgevar for helsetenesta i kommunen. Legetenesta er ei eiga eining under helse- og omsorgssjef. Leiarane i helse- og omsorgstenestene har samarbeidsmøte med fastlegane i kommunen inntil to gonger i året.

Det er inngått samarbeidsavtale (rammeavtale) mellom Helse Førde HF og Gloppen kommune. Ein delavtale gjeld samarbeid om utskrivingsklare pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskriving frå spesialisthelsetenesta – somatikk.

Kommunane og Helse Førde HF har avtalt ulike samarbeidsformer og samhandlingsorgan. Det er avtalt dialogmøte mellom styret i Helse Førde HF/administrerende direktør og politisk leiding i kommunane to gonger i året. Koordineringsrådet er eit administrativt samarbeidsutval mellom Helse Førde HF og kommunane i fylket som har minst fire møte i året. KS peikar ut dei fem som representerer kommunane. Fagrådet er eit samarbeidsutval mellom Helse Førde HF og kommunane. Fagrådet har fem kommunale representantar som er peika ut av KS.

Det er innført system for elektronisk meldingsutveksling mellom helseføretaket og kommunen, og mellom heimesjukepleien og fastlegane. Ansvarlege sjukepleiarar/vernepleiar på vakt i kvar tenesteeining (meldingsansvarleg) tek i mot, svarar på og følgjer opp e-meldingar frå Helse Førde HF. Einingsleiaren tek i mot, svarar på og følgjer opp e-meldingane på dagtid unnateke helg og høgtid.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 19.01.2015.

Formøte vart halde 06.02.2015.

Opningsmøte vart halde 25.03.2015.

Intervju

13 personar vart intervjuet.

Stikkprøvar: Journalar til 14 pasientar og 19 sjukehusopphald vart gjennomgått. 12 av sjukehusopphalda var ved medisinsk avdeling Førde sentralsjukhus, og 6 sjukehusopphald var ved kirurgisk avdeling Førde sentralsjukehus. Eitt av sjukehusopphalda var ved medisinsk avdeling Nordfjord sjukehus.

Sluttmøte vart halde 17.04.2015.

I kapittelet Dokumentunderlag er ei oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet og dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket.

Spørjeundersøkingar

Som del av tilsynet vart 24 pasientar inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Pasientane var utskrivne frå medisinsk avdeling og kirurgisk avdeling Helse Førde, Førde sentralsjukehus og medisinsk avdeling Helse Førde Nordfjord sjukehus i perioden 01. juli 2014 - 08. januar 2015.

Fastlegane til pasientane, i alt 7 fastlegar, vart også inviterte til å delta i ei spørjeundersøking. Vi sende invitasjonen til å delta i spørjeundersøkinga til pasientar og fastlegar 09.02.2015.

Spørjeundersøking til pasientar utskrivne frå Helse Førde HF

Vi brukte eit enkelt spørjeskjema med svaralternativa ja/nei/veit ikkje, og eit felt for kommentarar.

Vi spurde pasientane om dei hadde fått informasjon om behandlinga på sjukehuset og helsehjelp i kommunen etter utskrivning, og om dei hadde forstått informasjonen som vart gjeve på sjukehuset og i kommunen. Vi spurde også om dei fekk tenestene i kommunen som

avtalt, om behovet for helsehjelp vart vurdert på nytt innan kort tid etter at dei var komne heim og om kommunen tok omsyn til kva pasientane sjølve meinte dei trong hjelp til.

Tilsynet omfatta ikkje helsehjelpa til kvar enkelt pasient.

Resultat frå spørjeundersøkinga til pasientane

I alt 13 av 24 pasientar svara, det vil seie at vel 50% av pasientane svara. Det var ikkje alle som hadde svara på alle spørsmål. Mellom anna svara 5 av 13 pasientar at dei hadde fått informasjon på sjukehuset om kva hjelp dei skulle få etter utskriving. 7 av 12 pasientar svara at dei fekk dei tenestene dei var lova då dei kom heim, 3 svara at dei ikkje visste og 2 svara nei. Av 12 pasientar som svara, svara 8 ja på spørsmålet om behovet for tenester vart vurdert på nytt etter heimkomst, 2 svara at det ikkje var aktuelt/visste ikkje og 2 svara nei på dette spørsmålet. På spørsmålet om kommunen tok omsyn til deira meiningar om hjelpebehov svara 8 av 12 ja, og 10 av 13 hadde fått informasjon om kva hjelp dei skulle få.

Vi informerte om gjennomføring av spørjeundersøkinga i formøtet. Resultatet frå undersøkinga vart lagt fram i oppsummeringa med kommunen. Låg svarprosent gjorde at vi ikkje la vekt på resultatet ved vurderinga av verksemda til kommunen

Spørjeundersøking til fastlegane

Spørjeskjemaet til fastlegane var todelt, ein del om informasjon frå sjukehuset og ein del om organisatoriske tilhøve, med svaralternativ ja/nei og eit felt for kommentarar.

Vi spurde fastlegane om dei fekk epikrise frå sjukehuset tidsnok, om denne inneheldt nødvendige opplysningar til å følgje opp pasienten og om det var noko fastlegane vurderte som særleg sårbart i samhandlinga med sjukehuset. Vidare spurde vi om kommunen si tilrettelegging for å involvere fastlegane ved revisjon av samarbeids- og tenesteavtalane mellom kommunen og spesialisthelsetenesta, tilrettelegging for informasjonsutveksling mellom fastlegane og pleie- og omsorgstenestene og om det var noko i denne samhandlinga fastlegane vurderte som særleg sårbart.

Tilsynet omfatta ikkje verksemda til fastlegane.

Resultat frå spørjeundersøkinga til fastlegane

Vi fekk svar frå 7 fastlegar. Dei var fastlegar eller fastlegevikar for dei 24 pasientane. 3 av 6 legar svara at dei var medlem i lokalt samarbeidsutval/allmennlegeutval. To av legane hadde delteke i utarbeiding av delavtale/retningslinjer for samarbeid med helseføretaket og kommunen om innlegging/utskriving av pasientar, og tre svara nei på dette spørsmålet. Fem av legane hadde fått informasjon frå kommunen om samarbeidsavtale og retningslinjer for utskriving av pasientar. To legar svara nei på dette spørsmålet.

Alle legane svara at dei kommuniserer med pleie- og omsorgstenesta ved elektroniske meldingar eller telefon. Fire av legane svara nei på spørsmålet om det var noko dei vurderte som særleg sårbart i samhandlinga med pleie- og omsorgstenesta, medan to legar svara ja. Det sårbare var ved feil på medisinsliste eller dårleg tilgang til telefon. Fem legar svara nei på spørsmålet om dette hadde noko å seie for pasienttryggleiken.

Alle legane svara ja på spørsmålet om kommunen hadde tilrettelagt for at dei skulle få formidla rett legemiddelliste dersom det var manglande samsvar i denne. Fem av legane svara at det hadde vore kontakt mellom dei og pleie- og omsorg om pasientane etter utskriving.

Fem av sju legar fekk epikrise med nok informasjon frå Helse Førde HF tidsnok til å kunne sikre god oppfølging av pasientane. Seks av dei sju legane svara også positivt på spørsmålet om det var samsvar mellom legemiddellista frå sjukehuset og legemiddellista fastlegen hadde registrert i pasientjournal.

4. Kva tilsynet omfatta

Tema for tilsynet var samhandling om utskriving av pasientar frå helseføretak til kommunane.

Tilsynet undersøkte om kommunen ved systematisk styring sikrar forsvarleg mottak og helsehjelp til pasientar som vert utskrivne til eigen bustad. Vidare undersøkte tilsynet om kommunen sikrar ivaretaking av pasient/pårørande sin rett til informasjon og brukarmedverknad ved utskriving. Legemiddel vart brukt som gjennomgåande markør for samhandling og informasjonsutveksling mellom tenestene og til pasientar /påørørande ved utskriving.

Tilsynet omfatta:

- Iverksetting og oppfølging av samarbeidsavtale om utskrivingsklare pasientar med behov for kommunale helse- og omsorgstenester
- Mottak og oppfølging av varsel om innlagt pasient og mottak av varsel om utskrivingsklar pasient
- Kommunen si tilrettelegging for og involvering av fastlegar i samhandling mellom fastlegar, andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta
- Planlegging for og mottak av pasient som er meld utskrivingsklar
- Vurdering av pasienten sin tilstand og behov for tenester like etter utskriving
- Informasjon til pasient om helsetilstand og vurdering av behov for tenester, og medverknad frå pasient ved tildeling av tenester og innhald i tenestetilbodet etter utskriving
- Hjelp til pasientar som treng det for å få kontakt /avtale med fastlege
- Informasjonsutveksling og samhandling med fastlege om kva legemiddel pasientar som treng hjelp til legemiddelhandsaming skal ha

5. Funn

Ved tilsynet med Gloppen kommune vart det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga.

6. Vurdering av styringssystemet

Gloppen kommune skal planlegge, gjennomføre, evaluere og rette opp verksemda slik at omfanget av- og innhaldet i tenestene er i samsvar med krav i helselovgjevinga.

Kommuneleiinga har ansvar for at styringa (internkontrollen) sikrar forsvarlege helse- og omsorgstenester. Gloppen kommune har organisert verksemda slik at ansvar og oppgåver er kjent for dei tilsette. Kommunen har delavtale med retningslinjer for utskriving av pasientar som har behov for tenester frå kommunen, og deltek på ulike møteplassar med helseføretaket for drøfting av samhandling.

Område med risiko for svikt i samhandlinga med spesialisthelsetenesta om utskriving av pasientar er kjent for ansvarlege leiarar. Det er avtalt ordningar for å melde avvik mellom

kommunen og føretaket som gjeld samhandling og oppfølging av delavtale om utskrivingsklare pasientar. Det vert sjeldan meldt slike avvik. Dersom avvikssystemet skal bidra til forbetring av samhandlinga om utskrivingsklare pasientar, er det ein føresetnad at alle avvik vert melde. Det same gjeld for avvik knytt til eiga verksemd.

Det er etablert felles møteplassar for heimetenesta og fastlegane. Helse- og omsorgssjefen har møte med fastlegane og einingsleiarane inntil to gonger i året for å drøfte spørsmål som samhandling og felles rutinar. Fastlegane er informerte om arbeidet med utforming av delavtale om utskrivingsklare pasientar.

Det er innført eit system for elektroniske meldingar som skal ivareta den praktiske utføringa av delavtale om utskrivingsklare pasientar. Det er gjennomført opplæring, og den praktiske utføringa og rutinane er kjende for dei tilsette som har ansvar og oppgåver knytt til meldingsutvekslinga. Kommunen har kvalifisert personell med nødvendig kompetanse til å ta i mot og svare på meldingar, og ta avgjerder om tildeling av tenester. Ut frå dei opplysningane vi fekk ved tilsynet, vurderer vi at denne ordninga har ført til kvalitetsforbetring i samhandlinga mellom kommunen og helseføretaket.

Heimesjukepleien har personell med nødvendig kompetanse som har ansvar for å gje forsvarlege helse og omsorgstenester til pasientar som vert utskrivne til eigen heim/omsorgsbustad etter sjukehusopphald. Tenestetilbodet vert førebudd, og kommunen legg til grunn at pasientane får informasjon av sjukehuspersonalet om at dei vil få hjelp av kommunen etter utskriving. For å sikre at pasienten får rett informasjon om planlagt oppfølging frå kommunen, må kommunen gje tydeleg informasjon til sjukehuset. Pasienten sitt funksjonsnivå og behov for hjelp vert vurdert etter at pasienten er komen heim. Tenestetilbodet vert evaluert og endra fortløpande ved behov.

Ved vurdering av behov for helsehjelp og ved utforming/tilrettelegging av tenestetilbodet har pasient/pårørande rett til å medverke. Gloppen kommune har sikra slik medverknad mellom anna ved at pasientane/pårørande får kome med sine ønskjer og meiningar om hjelpebehov etter heimkomst. Det hender også at kommunen tek telefonkontakt med pårørande under sjukehusopphaldet.

Feil i legemiddellister og feil legemiddelbehandling er eit kjent risikoområde ved utskriving frå sjukehus. Heimetenesta i Gloppen praktiserer ulike rutinar for å sikre oppdatering- og kvalitetsjekk av legemiddelliste med fastlege. Det vert nytta e-meldingar der fastlegane har responstid på 72 timar. Kopi/utskrift av legemiddelliste kan også bli levert på legekontoret samstundes som det vert teke kontakt med fastlege per telefon. Andre spørsmål som gjeld oppfølginga av pasientane kan bli sendt via e-melding til fastlegane. For å sikre meir effektiv samhandling mellom heimesjukepleien og fastlegane, bør kommunen ha eintydige rutinar for kommunikasjon med fastlegane, som sikrar rask responstid der det er nødvendig.

7. Regelverk

Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m.

Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse - og omsorgstjenester

Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient - og brukerrettigheter

Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.

Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial - og helsetjenesten

Forskrift av 18. november 2011 om kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter

Forskrift av 03. april 2008 om legemiddelhåndtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp

Forskrift av 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordning i kommunene

Andre relevante forskrifter

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart overlevert på formøte:

- Organisasjonskart for Gloppen kommune
- Oversikt over leiarar og tilsette i heimetenestene
- Opporganisering og oppgåvefordeling i Gloppen kommune 04.02.2015 med stillingsinstruksar
- Rutine: Samhandling mellom Gloppen kommune og Helse Førde om utskrivingsklare pasientar versjon 31.10.2013
- Prosedyrar for legemiddelhandtering, Gloppen kommune
- Prosedyre: Ordinering av medisin for brukarar i heimetenesta av 28.08.2010
- Prosedyre for samarbeid mellom fastlegen og primærkontakt i heimetenesta av 30.08.2010
- Kopi av avtale mellom fastlegane og omsorgstenesta om elektronisk samarbeid underteikna 08.01.2013
- Rutinar for sakshandsaming for søknader/evaluering av tenester frå helse- og omsorg
- Flytskjema- E-melding mellom sjukehus og kommune revidert 18.06.2013
- Referat frå samarbeidsmøte mellom legar ved Gloppen legesenter, helse og omsorgssjef og einingsleiarar i helse og omsorgssektoren 16.03.2011, 18.12.2014
- Kopi av referat - Legesamarbeidsmøte 13.12.2012
- Rapport: Utskriving av pasientar som har behov for kommunale tenester. Status, erfaringar, dialog og forbetningsframlegg, KS Sogn og Fjordane /Helse Førde HF januar 2015
- Rapport: Felles ordning for avvik og avvikshandtering innan samhandling, rapport frå arbeidsgruppe 21.04.2014 KS Sogn og Fjordane/ Helse Førde HF

Dokument lasta ned frå Helse Førde HF si nettside (Samhandlingsbarometeret.no):

- Rammeavtale mellom Helse Førde HF og kommunane i Sogn og Fjordane

Dokumentasjon delt ut under tilsynet:

- Kopi av delavtale mellom Gloppen kommune og Helse Førde HF: Samarbeid om utskrivingsklare pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskrivning frå spesialisthelsetenesta – somatikk
- Oversikt over planlagde leiarmøte helse og omsorgssjef og einingsleiarar 2015

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 14 journalar til pasientar utskrivne frå Helse Førde HF 1. juli 2014 – 08. januar 2015

Andre dokument:

- Samhandlingsreformen – lovpålagte samarbeidsavtaler mellom kommuner og regionale helseforetak/helseforetak. Nasjonal veileder
- Utskriving av pasientar som har behov for kommunale tenester – evaluering. Resultat frå spørjeundersøking oktober/november 2014. KS Sogn og Fjordane/Helse Førde HF

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til kommunane i fylket av 12.12.2014 - orientering om samhandlingstilsyn 2015
- Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 19.01.2015 – melding om tilsyn
- Brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 02.02.2015 – endra dato for tilsynet
- Brev med vedlegg frå Gloppen kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 06.02.2015
- E-post frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 24.02.2015
- E-post frå Gloppen kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 25.02.2015
- Brev med vedlegg frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 25.02.2015 – program for tilsynet
- E-post frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 27.02.2015 – program for tilsynet
- E-post frå Gloppen kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 05.03.2015
- Brev og E-post frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Gloppen kommune av 10.03.2015 - revidert program for tilsynet

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på formøte, opningsmøte, oppsummering og sluttmøte, og over kva personar som vart intervju

Namn	Funksjon / stilling	For-møte	Opnings-møte	Intervju	Opp-summering	Slutt-møte
Oddrun Ommedal	einingsleiar Hyen	X				
Elsa Hjortset	einingsleiar Breim	X				
Kari-Ann Krogh	einingsleiar Sandane	X	X	X	X	X
Marit Horntvedt	einingsleiar Gotatoppen	X	X	X	X	X
Anita E. Lothe	helse- og omsorgssjef	X	X	X	X	X
Aud Ommedal	førstekonsulent	X				
Tove Iren Sefland	hjelpepleiar Gotatoppen		X	X		
Marion B. Fløtre	sjukepleiar Gotatoppen		X	X		X
Linda Hafsås Vereide	sjukepleiar Gotatoppen		X	X		
Synnøve Eikeseth	vernepleiar Sandane		X	X		X
Marianne Senneset	hjelpepleiar Gotatoppen		X	X		
Linn Kristin Beinnes	sjukepleiar Sandane		X	X	X	X
Anne Grete Hoddevik	hjelpepleiar Sandane		X	X	X	X
Nelly Brekke	hjelpepleiar Sandane		X	X		
Tove Marie Rygg	sjukepleiar Sandane		X	X		
Benny Østerby Hansen	kommuneoverlege		X	X		

Frå tilsynsorganet deltok:

Anne Eli Wangen, fylkessjukepleiar, revisjonsleiar

Astrid Tveit, rådgjevar, revisor

Turid Måseide, rådgjevar, revisor

Gunnar Hæreid, assisterande fylkesmann, observatør

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 05.06.2015	Saksnr 016/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/327
---	-------------------------	-------------------------------

Uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.05.2015	Uttale til rekneskapen for Gloppen kommune	2645
28.05.2015	Årsmelding 2014 datert 26.5.2015	2636
28.05.2015	Rekneskap 2014 datert 26. mai m/revisjonsmelding datert 27.5.2015	2637
28.05.2015	Note 2: Pensjonsnote SLP	2638
28.05.2015	Note 2: Pensjonsnote KLP	2639

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Gloppen kommune vert vedteken.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har endra på malen for uttale til rekneskap, og legg m.a. ikkje opp til å velje ut og kommentere nøkkeltal frå rekneskapen, jamfør informasjonsbrev frå SEKOM datert 31.7.2014. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til kommunestyret.

SEKOM-sekretariat viser til årsmelding og rekneskap 2014 for Gloppen kommune, samt til revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 27.5.2015.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald eller presiseringar.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Sekretariatet rår til følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen 2014 for Gloppen kommune vert godkjent.

Administrasjonen v/rådmann er innkalla til møtet, og vil gje nærare orientering om rekneskapen for 2014. Kommunerevisjonen i Nordfjord er også kalla inn, og kan svare på spørsmål om revisjonsarbeidet.

Gloppen kontrollutval

Gloppen kommunestyre

Dato: 05.06.2015
Vår referanse: 15/1089
Arkiv: FE-216

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Gloppen kommune er handsama i kontrollutvalet 5.6.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen datert 26.5.2015
- Årsmeldinga frå rådmannen datert 26.5.2015
- Revisjonsmeldinga datert 27.5.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig meirforbruk kr 1.318.223,10.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Kommunestyret vedtek dekking av meirforbruket.

Det er ikkje atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Gloppen kommune vert godkjent.

Gloppen kontrollutval,

Bjarne Bø, leiar

Hans Os

Svein Helge Hovstad

Tone Lise Jacobsen

Karoline Bjerkeset



Den 16. januar 2014 opna friidrettspresident Svein Arne Hansen (i midten) idrettsdelen av Trivselshagen. F.v. dagleg leiar i Trivselshagen IKS Anniken Rygg, ordførar Anders Ryssdal, friidrettspresidenten, fylkesordførar Åshild Kjelsnes og kultursjef og styreleiar i Trivselshagen IKS Jan-Kjetil Øygard. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

Årsmelding 2014

Rådmannen si årsmelding datert 26. mai 2015

Innhald

Politisk organisering og leiing	2
Politisk leiing	3
Rådmannen har ordet	6
Administrativ organisering og leiing	7
Medarbeidarar og personalpolitikk	9
Tenesteområda	15
Formannskapet	15
Oppvekstutvalet	16
Helse- og omsorgsutvalet	20
Teknisk og landbruksutvalet	23
Kultur- og miljøutvalet	28
Stab og støtte	31
Servicetorget	31
Arkivtenesta	32
IKT-avdelinga	32
Skatteoppkrevjaren	32
Økonomiavdelinga	32
Samarbeid og interkommunale tenester	33
Lokalsamfunn	34
Kven representerer Gloppen kommune?	36
Årets prisvinnarar i 2014	37



Samling om eit felles framlegg til budsjettvedtak for 2015 på kommunestyremøtet den 15. desember 2014. Fv. Arnfinn Brekke (Krf), Hege Lothe (SV), Anniken Rygg (H), Per Jarle Myklebust (Sp) og Edgar Kvernevik (Samfunnsdemokratane). Foto: Jan Kåre Fure.

Politisk organisering og leing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval, pluss administrasjonsutval og formannskap. Med eitt unnatak er alle medlemmene i kommunestyret er

plasserte i formannskapet, hovudutvala og/eller administrasjonsutvalet. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2011. Det er ikkje gjort endringar i den politiske organiseringa i 2014.



Politisk organisasjonskart ved årsskiftet 2013/2014.

Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressursaker. Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og teknisk og landbruksutvalet (reguleringsplansaker).

Kultur- og miljøutvalet er kommunen sitt organ i vilt-saker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Det skal vere eit **valstyre** i alle kommunar. Valstyret i Gloppen er på fem medlemmer, og er valt mellom formannskapet sine medlemmer. Leiar er ordføraren.

Arbeidsmiljøutvalet er eit lovpålagt organ, der arbeidsgjevar og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. I denne perioden har vi ikkje politisk valde representantar i utvalet.

Reglementa for dei folkevalde organa vart vedtekne i 2012.

Politisk leiing



Anders Ryssdal frå Senterpartiet har vore ordførar sidan 1999. Med seg i den politiske leiinga hadde han i 2014 varaordførar Ola Tarjei Kroken (Ap) og utvalsleiarane Arnfinn Brekke (Krf) i helse- og omsorgsutvalet, Per Jarle Myklebust (Sp) i oppvekstutvalet, Kristin Sandal (Sp) i kultur- og miljøutvalet, Sjur Atle Austrheim (uavhengig) i teknisk og landbruksutvalet og Gunnvor Sunde (SD) i administrasjonsutvalet. Utvalsleiarane sit også i formannskapet.

Ordførar Anders Ryssdal (Sp) og varaordførar Ola Tarjei Kroken (Ap). Foto: Jan Kåre Fure.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt egne representantar (sjå oversikta på side 36 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Kommunestyret - 2011-2015

Senterpartiet (Sp)

1. Anders Ryssdal
2. Per Jarle Myklebust
3. Olaf Sigurd Gundersen
4. Kristin Sandal
5. Leidulf Gloppestad
6. Jeffrey Thomas
7. Kari Jordanger
8. Sølvi Anne Espeland Hope
9. Liss Bergum

Høgre (H)

1. Kari-Ann Flølo
2. Jan Erik Mardal
3. Anniken Rygg
4. Dagfinn Nyhammer

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik
3. Jan Arve Søvde
4. Anne-Grete Hoddevik

Kristeleg Folkeparti (Krf)

1. Arnfinn Brekke
2. Leidulf Rygg Bogstad
3. Øystein Rinde

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Ola Tarjei Kroken
2. Leela Anita Kjørsvik
3. Ragnar Andenæs

Venstre (V)

1. Ragnar Eimhjellen
2. Peder Lofnes Hauge

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Uavhengig

1. Sjur Atle Austrheim

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

Anders Ryssdal (Sp) - ordførar
Ola Tarjei Kroken (Ap) - varaordførar
Per Jarle Myklebust (Sp)
Kristin Sandal (Sp)
Sjur Atle Austrheim (H)
Anniken Rygg (H)
Gunnvor Sunde (SD)
Arnfinn Brekke (Krf)
Ragnar Eimhjellen (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er økonomiutval, generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova. Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Valstyret er valt mellom formannskapet sine medlemmer.

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Arnfinn Brekke (Krf) – leiar
Liss Bergum (Sp) – nestleiar
Leidulf Gloppestad (Sp)
Kari-Ann Flølo (H)
Jan Arve Søvde (SD)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat).

Oppvekstutvalet (OPV)

Per Jarle Myklebust (Sp) – leiar
Ragnar Andenæs (Ap) – nestleiar
Jan Erik Mardal (H)
Kari Jordanger (Sp)
Øystein Rinde (Krf)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

Kultur- og miljøutvalet (KMU)

Kristin Sandal (Sp) – leiar
Dagfinn Nyhammer (H) – nestleiar
Olaf Sigurd Gundersen (Sp)
Peder Lofnes Hauge (V)
Hege Lothe (SV)

Kultur- og miljøutvalet er styre for Anders Klaussen og Alfrida Egges Minnelegat.

Teknisk og landbruksutvalet (TLU)

Sjur Atle Austrheim (uavhengig) – leiar
Sølvi Anne Espeland Hope (Sp) – nestleiar
Edgar Kvernevik (SD)
Leidulf Rygg Bogstad (Krf)
Leela Anita Kjørvik (Ap)

Teknisk og landbruksutvalet har ingen særfunksjonar.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
Gunnvor Sunde (SD) – leiar
Jeffrey Thomas (Sp) – nestleiar
Anniken Rygg (H)
Ragnar Eimhjellen (V)
Frå dei tilsette
Björg Skarstad (Fagforbundet)
Hege Alme (Fagforbundet)
Hilde Arnestad (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Utvalet vart gjenoppretta etter kommunestyrevalet i 2011.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år. Nyval er gjort i 2013 med verknad frå 1. oktober.

Kontrollutvalet

Bjarne Bø (Sp) – leiar
Hans Os (H) – nestleiar
Irene Moen (H)
Tone Lise Jakobsen (SD)
Svein Helge Hovstad (Krf)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

I 2014 vart Geir Liavåg Strand fritaken frå vervet som medlem i kommunestyret for Samfunnsdemokratane. Dette førte til at Anne-Grete Hoddevik rykka opp frå første vara til fast medlem i kommunestyret. Anne-Grete Hoddevik er den einaste i kommunestyret som ikkje er fast medlem nokon av hovudutvala (og heller ikkje i formannskapet).


Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2010	2011	2012	2013	2014	
Kommunestyret	60	88	112	83	91	* Dette utvalet vart etter valet i 2011
Formannskapet	150	151	160	154	137	erstatta med kultur- og miljøutvalet og
Helse- og omsorgsutvalet	41	51	57	44	45	teknisk og landbruksutvalet.
Oppvekstutvalet	35	45	53	37	39	
Teknisk, landbruk og kulturutvalet*	65	65	-	-	-	** I funksjon frå oktober 2011.
Kultur- og miljøutvalet**	-	39	71	67	84	*** Ungdomsrådet fører ikkje tradisjonell
Teknisk og landbruksutvalet**	-	27	74	89	59	møtebok, så tala er for dette rådet er ikkje
Administrasjonsutvalet**	-	8	32	24	22	direkte samanliknbare med dei andre
Kontrollutvalet	23	32	34	27	30	råda.
Eldrerådet	18	20	32	32	24	
Rådet for funksjonshemma	9	14	18	19	22	
Ungdomsrådet***	37	30	43	14	22	

Vi ser av oversikta at talet på saker i utvala ikkje står i høve til utvala sine ansvarsområde. Trekkjer vi frå dei faste sakene om godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste, pluss referatsakene, kjem vi med på 29 saker i helse- og omsorgsutvalet og 23 saker i oppvekstutvalet. Sjølv om vi skal vere varsame med å la talet på behandla saker vere avgjerande for utvalsstrukturen vår, er det rådmannen sitt syn at vi også må vektlegge dette.

2014 var ikkje valår.

Rådmannen har ordet



2014 var første året mitt som rådmann i Gloppen. Det har vore eit interessant og arbeidssamt år, og eg meiner vi i fellesskap har greidd å kome ned på beina.

Mykje arbeid har blitt lagt ned for å få på plass ny administrativ organisering av kommunen og nye leiarar. Det var – slik eg ser det – nødvendig med ein tydlegare administrativ leiarstruktur, med færre medlemmer i rådmannen si leiargruppe og med klarare oppgåvefordeling. Samstundes har målsettinga vore å samle både dei interne og dei utoverretta utviklingsoppgåvene. Dette er bakgrunnen både for opprettinga av stillinga som «rådmann for det interne», som til slutt vart heitande organisasjonssjef, og for samling av nærings- og planarbeidet under kultur- og utviklingssjefen.

Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014.

Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Politisk styring

Det er ei hovudoppgåve for meg som rådmann å legge til rette for at Gloppen kommune er styrt av dei folkevalde. Det har derfor vore viktig å syte for at alle viktige avgjerder blir tekne av folkevalde organ. For å få dette til, må sakene bli lagde fram for dei folkevalde, og på ein slik måte at sakene er råd å forstå og så tidleg at det er høve til å førebu seg og diskutere sakene. Etter mitt syn har vi fått dette til.

Gode tenester

Gloppen kommune leverer gode tenester til innbyggjarane. Dessverre er vi på etterskot når det gjeld å synleggjere det gode tenestetilbodet vårt. Vi har i 2014 ikkje hatt ressursar nok til å kome vidare med å forbetre heimesida vår når det gjeld kommunale tenester. Det same kan seiast om digitaliseringsarbeidet. Det har vore alt for mykje som ikkje har fungert driftsmessig med IT-løysingane våre til at vi har kunna prioritert vidare utvikling.

Økonomisk styring

Rekneskapa for 2014 viser eit mindre underskot på vel 1,3 millionar. Med eit så stort driftsbudsjett som vi har, er dette å sjå på som balanse. Underskotet blir dekkja av disposisjonsfondet.

Den økonomiske situasjonen til kommunen er svært stram, og vi har eit negativt netto driftsresultat i 2014 på om lag 5,9 millionar. Det betyr kort og godt at vi ikkje har hatt inntekter nok til å dekke driftsutgiftene våre.

Det er gjort fleire tiltak i 2015-budsjettet for å tilpasse utgiftene til inntektene. Rådmannen legg derfor til grunn at vi ikkje har med oss eit overforbruk inn i 2015.

Arbeidet med årsbudsjettet for 2015 og økonomiplanen fram til 2018 viste at dei store sektorane er i ferd med å «gå tomme» for innsparingstiltak. Det er derfor ikkje realistisk med raske løysingar for

å snu drifta. Det er jamt over god budsjett disiplin i kommunen, og vi driv nøktern på alle område.

Ny kommunestruktur?

Arbeidet med kommunereforma har vore omfattande og tidkrevjande, særleg våren 2015. Vi har følgd kommunestyret sitt vedtak om å vurdere ei alternativ løysing mot Sunnfjord og ei mot Nordfjord i tillegg til 0-alternativet (som vil seie at vi held fram som eigen kommune).

Arbeidet mot Sunnfjord har hatt god framdrift heile tida, medan det har gått noko tregare i Nordfjord. Ved årsskiftet 2014/2015 var det berre Sunnfjord-utgreinga som var komen i gang.

Kommunen sine kraftstasjonar

Utleigeperioden for kommunen sine kraftstasjonar i Gloppenelva gjekk ut ved årsskiftet 2014/2015, men vart forlenga i eitt år i desember. Det ligg i avtalen at leigetida – om nødvendig – kan forlengast i ytterlegare eitt år.

Kva som skal skje med kraftstasjonane, er ei stor og viktig sak for kommunen som bør løysast i 2015. Slik det ser ut no, var det både fornuftig og lønnsamt å forlengje utleigeavtalen for eitt år.

Nye leiarar

Det var stor utskifting av toppleiarar i kommunen i 2014. I tillegg til ny rådmann er det tilsett ny organisasjonssjef, ny helse- og omsorgssjef og ny teknisk sjef.


Alle dei nye leiarane har funne seg godt til rette i organisasjonen, og vil bli viktige bidragsytarar i arbeidet med å gjere Gloppen kommune til ein god bu- og arbeidsstad. Det tar sjølvstund litt tid å kome inn i alle saker og system, men det ser ut til å gå veldig fint.

Takk til alle tilsette for godt utført arbeid i 2014, og takk til dei folkevalde – både for tilliten og for samarbeidet.

Administrativ organisering og leing

Administrativ organisering

Sist oppdatert 19. mars 2015



Administrativ organisering, sist oppdatert 19. mars 2015.

Det vart gjort omfattande endringar i den administrative organiseringa i 2014. Hovudtrekka i det nye organisasjonskartet vart godkjent av kommunestyret den 3. november 2014.

Leing og leiarar i Gløppen

Gløppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiar. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine sektorar/ansvarsområde: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester og kultur og utvikling. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingane*, som alle er leia at ein einigsleiar.

Rådmannen si leiargruppe er sett saman av leiarane for sektorane, pluss organisasjonssjefen og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på seks medlemmer. Kultur- og utviklingssjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er både rådmannen og kultur- og utviklingssjefen vekk, fungerer organisasjons-sjefen som rådmann.

Rådmannen si leiargruppe og einingsleiarane utgjer saman med personalsjefen og økonomisjefen kommunen sitt *leiarforum*.

Kva vart endra i 2014?

Den to-delte leiargruppa med ei strategisk og ei operativ leing er erstatta med *ei* leiargruppe. Talet på medlemmer i rådmannen si leiargruppe er redusert frå tolv til seks, og det er berre sektorleiarane som er direkte underlagt rådmannen.

Alle dei sentrale støttetene: er samla under *ei* leing – organisasjonssjefen. Kultur og utvikling er oppretta som ein eigen sektor, og tar opp i seg det plan- og næringsarbeidet som tidlegare låg direkte under rådmannen. Dei kommunane tenestene i NAV Gløppen er lagt til helse- og omsorgssjefen. Også desse låg tidlegare direkte under rådmannen.

Teknisk sektor er tilbake som *ei* organisatorisk eining, der også brann- og beredskap inngår saman med landbrukskontoret.

Ved årsskiftet 2014/2015 utgjorde desse leiarforumet:

Rådmannen si leiargruppe

Funksjon	Namn
Rådmann	Jan Kåre Fure*
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand*
Oppvekstsjef	Olav Fure
Helse- og omsorgssjef	Anita Lothe*
Teknisk sjef	Kjell Petter Solhaug*
Kultur- og utviklingssjef	Jan-Kjetil Øygard

* Nye i 2014.

Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Jørgen Dølvik Husbyn*
Nordstranda skule	Rektor Thor Horntvedt
Sandane skule	Rektor Sverre Folkestad
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Margrete Huus Fjellestad
Gloppen opplæringscenter	Rektor Frode Fagerli
PP-tenesta	Dagleg leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Per Ståle Husevåg*
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

* Nye i 2014.

Endringar i 2014

- Psykologitenesta er ikkje lenger ei eiga eining.

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Merete Knoff
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes
Gloppen omsorgssenter 1. etasje	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Oreteigen	Einingsleiar Cecilie Majchrowicz Helgheim
Åsateigen	Einingsleiar Trine Krogh
Heimetenesta Gotatoppen	Einingsleiar Marit Horntvedt
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Åsavegen bu- og avlastningsteneste	Einingsleiar Petra Laurhammer
Breim heimeteneste	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Hyen heimeteneste	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Sandane heimeteneste	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
NAV Gloppen (den kommunale delen)	NAV-leiar Øyvind Hervik

Endringar i 2014

- Den kommunale delen av NAV Gloppen er lagt under helse og omsorgssjefen.

Teknisk sektor	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Leiar: Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbrukssjef Trine Alme*
Kommunalteknikk	Leiar: Jostein Moldestad
Brann og beredskap	Brann- og beredskapssjef Runar Kleppe

* Nye i 2014.

Endringar i 2014

- Teknisk sektor vart gjenoppretta som eiga organisatorisk eining
- Brann og beredskap er lagt til teknisk sektor som eiga eining.

Kultur og utvikling	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Karin W. Ose
Kulturhuset Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Trivselshagen bad og idrett	Dagleg leiar Øystein Sundal*

* Ny i 2015.

Endringar i 2014

- Den tidlegare kultursektoren vart utvida til også å omfatte dei overordna nærings- og utviklingsoppgåvene. Næringssjef vart tilsett, og starta i stillinga frå 1. januar 2015
- Trivselshagen vart «delt i to», med ein kulturhusdel og ein sports- og idrettsdel. Dagleg leiar for Trivselshagen bad og idrett vart ikkje tilsett før i 2015.

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.208 lønns- og trekkoppgåver i 2014. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontakter, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2014.

	Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	344	745	464
Menn	86	159	97
Sum	430	904	561

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal stillingar: Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

STILLINGSOVERSIKT

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner 1 – 51 % stilling	30	93
Menn 1 – 51 % stilling	5	12
Sum	35	105
Kvinner 52 – 99 % stilling	167	221
Menn 52 – 99 % stilling	15	18
Sum	182	239
Kvinner 100 % stilling	142	143
Menn 100 % stilling	67	67
Sum	209	210
Samla sum	426	554

I tala for 100 % stilling ligg også arbeidstakarar som med fleire delstillingar totalt har 100 % stilling.


SUM DELSTILLINGAR OG GJENNOMSNITTLEG

STILLINGSPROSENT

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	197	314	62,74
Menn	20	30	66,67

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2014 har kommunen 273 arbeidstakarar over 50 år og 193 over 55 år. Tilsvarende tal for pr 31. desember 2013 var 260 og 185. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



Likestilling og deltid m m

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlingar. I 2014 var det lokale forhandlingar for alle kapitla (3, 4 og 5). Likestillingsperspektiv var ikkje med i kriteria for lokale forhandlingar dette året.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å redusere deltidsstillingar har eit klart likestillingsperspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det blir jamt lagt vekt på å auke deltidsstillingar når det er mogleg.

Gloppen kommune avgjorde hausten 2013 å delta i eit KS-prosjekt om heiltid. Prosjektet starta våren

2014. Einingane som har delteke frå kommunen er Heimetenesta Hyen, Oreteigen, Åsavegen bu- og avlastning og Mona barnehage. Frå arbeidstakersida har hovudverneombod og hovudtillitsvalde i Fagforbundet, Fellesorganisasjonen (FO) og sjukepleiarforbundet (NSF) delteke. Konklusjonen i gruppa er at dette har vore eit svært nyttig prosjekt med gode prosessar og samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Vi har vore løysingsorienterte og det er stor vilje til å sjå begge partar sine utfordringar og moglegheiter. Vi har auka stillingsprosentar til mange av dei tilsette i dei aktuelle einingane som ynskjer det. Det er eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida.

GJENNOMSNITTLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	1	1,0	100	659.000
Toppleiarar	Menn	5	5,0	100	694.200
Kap 3.4.2	Kvinner	21	20	95	538.350
Einingsleiarar	Menn	10	9,6	96	570.100
Kap 4	Kvinner	446	326	73	403.100
	Menn	72	63	87	435.800
Kap 5	Kvinner	10	6,8	68	519.150
	Menn	10	7,7	77	579.200

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgare enn lønn til dei andre einingsleiarane, men lønnsforskjellane her er mindre no enn tidlegare. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i tabellen fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

Det blir arbeidd med oppfølging av innhaldet i kompetanse- og rekrutteringsplanen. Planen er eit godt verktøy i det langsiktige arbeidet med å rekruttere og mobilisere kompetanse. Planen inneheld også kommunen sin seniorpolitikk.

Innføring av seniorpolitiske tiltak har medført at tilsette som fyller 62 år kan velje mellom ulike ordningar. Så langt er ordninga med ein pensjongsgeevande lønnsauke på kr 10.000 mest aktuell. På andre plass kjem alternativet med redusert arbeidstid/auka ferie.

Av sektorovergripande opplæring er det fokusert på to hovudområde: saksbehandling og informasjonsteknologi (sjå eige punkt 4.3 i planen for fleire detaljar). Saksbehandling er definert som ein av kjernekompetansane i kommunen. Kunnskap om og ferdigheiter innan IT er avgjerande for at kommunen skal kunne ta i bruk dei systema det er lagt opp til lokalt og gjennom Nordfjordnett. Det er også viktig med slik kunnskap for kritisk å kunne vurdere nytten av systema og korleis ein skal vidareutvikle dei.

Ca 80 % av dei tilsette har registrert seg i programmet for kompetansekartlegging. Kommunen vil med dette ha eit bra utgangspunkt for langsiktig

kompetanse- og rekrutteringsplanlegging, slik hovudtariffavtalen krev. Målet er at alle tilsette skal registrere kompetansen sin.

Etter kompetanse- og rekrutteringsplanen har kommunen mål om å rekruttere juridisk kompetanse for å sikre god saksbehandling og rettstryggleiken til brukarane og innbyggjarane. Omfanget av lover og forskrifter kommunen skal halde seg til er omfattande.

Ved inngangen av 2014 hadde vi to tilsette juristar. Desse slutta begge, og det er ikkje tilsett ny(e).

I tillegg til tradisjonelle rekrutteringsmåtar, er kommunen aktivt til stades på karrieremesser både i Bergen, Volda, Sogndal, Oslo og Nederland. Kommunen deltek også ved høve på utdanningsmesse ved Firda vidaregåande skule og eventuelt andre stader. Målet med denne deltakinga er å ha få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakarar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune. Det er viktig for kommunen å representere på slike arenaer etter visjonen jordnær og livskraftig – med vekt på livskraftig.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMS-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMS-kurs blir arrangerte kvart år, t d blei det i 2014 halde førstehjelpskurs.

Arbeidet med fornying av HMS-arbeidet i kommunen har halde fram i 2014. Alle kommunale prosedyrar og regelverk blir no innarbeidd i dataverktøyet KF-infoserie, i Gloppen kommune si personalhandbok. Leiarane har med dette fått eit lett tilgjengeleg verktøy i personal- og HMS-arbeidet. Det blir mellom anna årleg utarbeidd både *Overordna HMS-plan for Gloppen kommune* og *HMS-plan på einingsnivå*. Mange andre dokument, prosedyrar og skjema er også lagde inn i personalhandboka, t d prosedyre og skjema til bruk ved vernerundar og ved risikoanalyse. Det står i 2014 enno litt att før dette grunnarbeidet er

gjort. Alt som er lagt inn i handboka, blir fortløpande oppdatert.

Kommunen har ei HMS-gruppe som er samansett av to frå administrasjonen med personalsjef som leiar, hovudvernombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og hovudtillitsvald i Fagforbundet. Gruppa tek opp og drøfter mange ulike HMS-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Kommunen har også opprette ei eiga sjukefråværsgruppe som skal jobbe både på system- og individnivå. Dei skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt (langsiktig tenking).

Sjukefråværsgruppa blei nedsett av AMU i 2012 og arbeidet heldt fram i 2014. Gruppa er samansett av ein hovudtillitsvald, representantar frå bedriftshelsetenesta, NAV (IA-rådgjevar) og ein konsulent i stab og støtte.

Hovudverneombodet reiser årleg ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa (lokale

arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

I 2014 var kommunen inndelt i 24 verneområde. Personalsjefen og hovudvernombodet har fleire møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppen kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakarar (t.d. med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har framarbeidd sine egne IA-delmål som ein del av IA-avtalen. Desse er i 2014 innarbeidd i *Overordna HMS-plan*.

Som IA-bedrift har kommunen sin eigen rådgjevar frå NAV arbeidslivssenter. Dette er for tida Kåre Gimmedstad.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen. I 2014 var det Breim barnehage som blei heidra (sjå side 37).

BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppen kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. I 2014 er det Kystbedriftenes Helse-tjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppen. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m.a.v. vore aktivt med i fornyinga av HMS-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, AKAN-utvalet, HMS-gruppa og sjukefråværsgruppa.

Dei utfører arbeidshelseundersøking med utvalde grupper og 1/3 av resten av arbeidsstokken kvart år. BHT føretek kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, føretek arbeidsplasskartleggingar, føretek faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og gjev råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr m.m.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

Nærværarbeid

I 2014 har nærværet vore på 94,3 %. I 2013 var nærværet på 95 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2012				2013				2014			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,6	0,5	6,0	7,1	0,7	0,6	3,6	4,9	0,8	0,8	4,1	5,7
Helse	0,7	0,8	6,1	7,6	0,7	0,8	4,0	5,5	0,7	0,7	5,2	6,6
Andre	0,6	0,2	3,3	4,2	0,6	0,5	3,0	4,0	0,7	0,2	2,5	3,5

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psyisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Gloppen kommune har nært samarbeid med IA-rådgjevar i NAV arbeidslivssenter. IA-rådgjevar og

bedriftshelsetenesta blir brukt aktivt i nærværarbeid. BHT deltek i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakarar. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om trening og kosthald m.m.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet eller via fagprogrammet. Alle dokumenta blir fortløpande oppdaterte ved endringar. Dette regelverket ligg også på kommunen si heimeside og ein del skjema ligg på intranettet. Dette er gjort slik til denne tid fordi arbeidstakarane har hatt ulike tilgangar til dei ulike dataprogramma.

Det er eit mål for kommunen å arbeide kontinuerleg med fornying av regelverk innan personalom-

rådet. I 2014 har ikkje dette området hatt tilstrekkeleg fokus.

PERSONALGRUPPA

Kommunen har ei administrativ personalgruppe som består av tilsette som arbeider med lønns- og personalsaker. Dette er ei uformell gruppe som samarbeider om lønns- og personalspørsmål, tolking av regelverk m.m.

HMS-GRUPPA

HMS-gruppa er samansett av to personar frå administrasjonen, hovudtillitsvald i Fagforbundet, hovudverneombodet og ein tilsett i BHT. Personalsjefen er leiar. I denne gruppa blir det teke opp alle slags tema, dokument og saker innan HMS-arbeidet. Saker som skal opp i AMU blir drøfta i denne gruppa på førehand.

KURS OG OPPLÆRING

Det blei i 2014 starta planlegging av kursing innan data. Tilsette skal etter kvart ta «datakortet». Kurs innan dette fagfeltet kom ikkje i gang i 2014, men blir eit stort satsingsområde.

I oktober vart det igjen invitert til samling for ny-tilsette. 20 nye arbeidstakarar fekk ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tene-
steytar. Andre døme på lokalt arrangerte kurs med interne og eksterne undervisningskrefter:

- Kontering/fakturahandsaming
- Sakshandsaming i WebSak
- Førstehjelp
- Profil
- KLP-kurs for seniorar.

NÆRVÆRSARBEID

Arbeidsgruppa som vart nedsett av arbeidsmiljø-utvalet i 2012 har arbeidd med ulike tiltak på ein-

ingsnivå for å få ned sjukefråværet der det er mogleg. Døme på tiltak er tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå NAV arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta og Frisklivssentralen. I arbeidet blir det sett fokus på tilretteleggingsplikt frå arbeidsgjevarsida og medverknadsplikt frå arbeidstakar. Det blei i 2014 starta arbeidet med å lage til utvida retningslinjer ved langtidssjukefråvær. Førebygging og oppfølging av sjukefråvær på einingsnivå er sett på agendaen både i leiarforum og i kontaktutvalet. Einingane gjer eit godt arbeid både når det gjeld førebyggjande tiltak, tilrettelegging for tilsette og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

I 2014 har gjennomsnittleg sjukefråvær vore 5,7%. (I 2013 var det på 5 %.)

HEILTID/DELTID

Gloppen kommune har delteke i KS sitt to-årige prosjekt «Det store heiltidsvalet» frå hausten 2013. Målet er å legge til rette for at flest mogleg tilsette som ønskjer større stillingsprosentar skal få det. Innan helse og omsorg, der utfordringa er størst, jobbar 224 personar i deltidsstilling og 58 personar i heiltidsstilling pr desember 2014. (I 2013: 204 og 37.) Deltaking i prosjektet skal føre til nye måtar å tenkje på for å kunne gje stillingsauke.

Møte mellom leiing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde 4 møte i 2014. Aktuelle tema har vore: økonomiplanen, moderniseringsprosessen, byggeplaner som krev samtykke frå Arbeidstilsynet, arbeidsmiljøprisen, orientering frå hovudverneombod og bedriftshelsetenesta, nye verneområde, (LAG), sjuke-fråvær, HMS -dokument og temamøte.

MØTE MED TILLITSVALDE

Vi har tidlegare hatt Kontaktutvalet, som har vore eit samarbeidsforum mellom organisasjonane sine hovudtillitsvalde og rådmannen i den perioden kommunen ikkje hadde administrasjonsutval

(ADMU). Namnet blei behalde etter at ADMU blei oppretta på nytt. Møte med tillitsvalde vil halde fram som før med minumum fire møte for året. Desse kjem i tillegg til drøftingsmøte i samband med lokale forhandlingar.

ADMINISTRASJONSUTVALET

vart gjenopprettat etter kommunestyrevalet i 2011. Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringssaker.

Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2014 vart tildelt Breim barnehage, sjå side 37.

Tiltak for arbeidsmiljøet



Aktivitetsgruppa har i 2014, i tillegg til faste spinningtimar, stått føre ein del turar. Turane har vore av forskjellig lengde, slik at det har vore råd for alle å vere med. Bildet er frå ein rundtur: Austrheimstøylen-Blånibba-Svinestranda-Austrheimstøylen. Ein svært fin tur som vi tilrår til alle. Foto: Geir Skaaden.

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette i STIL-stova, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med, og fjellturar. Også her har mange vore med.

Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

Formannskapet

Ressursinnsats

RESSURSBruk FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik i %	Rekneskap 2013
Politisk styring	2.235.301	2.330.000	-4	2.217.330
Kontroll og revisjon	823.423	935.000	-12	767.218
Administrativ leing	4.991.803	4.117.000	21	5.427.584
Økonomiavdeling	5.673.578	5.179.000	10	5.186.381
Servicetorg	4.415.490	3.926.000	12	3.637.744
Felles IT - drift	3.195.099	2.062.000	55	3.547.199
Anna felles drift	2.416.569	2.420.000	-0	2.674.977
Diverse fellesutgifter	485.134	80.000	506	87.352
Grunnskule	0	0	0	6.761
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	0	0	0	5.028
Anna førebyggjande helsearbeid	-36.499	0	0	60.144
Aktivering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemmede	-1.122	0	0	0
Diagnose, behandling og re/habilitering	0	0	0	480
Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	-34.275	0	0	-30.924
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	309.222	344.000	-10	708
Etablering og oppretth av eige bolig	-17.906	30.000	-160	44.534
Behandling av plansaker	0	147.000	-100	190.050
Kart og oppmåling	0	0	0	37.500
Kommunal næringsverksemd	-24.477	0	0	-117.596
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	756.104	1.540.000	-51	1.093.988
Samferdslebedrifter/transporttiltak	318.031	270.000	18	20.000
TOTALT	25.505.475	23.380.000	9	24.856.458

- er lik mindreforbruk.

Overskridringa på vel 2 millionar skuldast i hovudsak:

- nokre inntekstspostar og innsparingar som ikkje var realistiske
- manglande budsjettering av kommunen sine kostnader med IKT-driftssenteret i Måløy (Nordfjordnett)
- føring av for lite fordelt personforsikring på teneste 18000. Dette vart gjort slik av praktiske omsyn for å spare arbeid med ny fordeling på alle ansvar og tenester.

Kort om året 2014

30. april 2014 slutta Marit Elisabeth Larssen som rådmann i Gloppen etter vel åtte år i jobben, og Jan Kåre Fure tok over stillinga. Samstundes med rådmannen slutta fleire av leiarane, og i løpet av året er det tilsett ny helse- og omsorgssjef og ny teknisk sjef. I tillegg er stillinga som sekretariatsjef omgjort til organisasjonssjef.

To store kraftsaker har vore opp til behandling i 2014: Først konsesjonssøknaden på utbygging av Gjengedal kraftverk og så saka om framtida til kommunen sine kraftstasjonar i Gloppeelva. Kraftstasjonssaka enda mellombels med ei kortvarig forlenging av utleigeavtalen med Sogn og Fjordane Energi, eller SFE Produksjon AS for å vere presis.

Arbeidet med kommunereforma kom i gang på slutten av året, og har blir vidareført med full styrke inn i 2015.

Eit samla kommunestyre gjennoppretta stillinga som næringssjef i Gloppen, og Knut Roger Nesdal tok til i stillinga 1. januar 2015.

Arbeidet med budsjett og økonomiplanen for 2015-2018 viste at kommuneøkonomien er stram, og vil truleg vere det i åra framover. Kommunestyret var samrøystes på alle tiltaka i økonomiplanen, der opparbeidinga av bustadfeltet i Hetlebakkane var den store saka.

Ny administrativ organisering vart vedteken, der stab og støtte vart samla, kultursektoren vart utvida til også å omfatte utviklingsoppgåver og teknisk sektor vart atter lagt under ein leiar.

Oppvekstutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik i %	Rekneskap 2013
Administrativ leiding	0	0	0	123.812
Førskule	36.063.389	33.877.000	6	31.219.409
Grunnskule	63.197.926	63.113.000	0	59.440.296
Styrka tilbod til førskulebarn	3.186.660	3.097.000	3	2.821.942
Vaksenopplæring	2.102.450	2.713.000	-23	2.488.621
Skulefritidstilbod	1.549.171	1.408.000	10	1.371.018
Førskulelokale og skyss	41.600	0	0	879
Skulelokale	3.401.604	3.367.000	1	2.012.007
Skuleskyss	2.725.215	2.500.000	9	2.548.309
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	3.740.637	2.898.000	29	3.193.575
Barneverntenesta	2.111.126	2.250.000	-6	2.124.375
Barneverntiltak i familien	730.518	791.000	-8	194.290
Barneverntiltak utanfor familien	2.512.662	1.531.000	64	1.759.612
TOTALT	121.362.956	117.545.000	3	109.298.145

- er lik mindreforbruk.

Sprekken på førskuleområdet kjem i hovudsak av auka utgifter til ikkje-kommunale barnehagar. Utgiftsauken her har tre aspekt: Prosentdelen av finansieringa vart auka til 98, etterbetalinga for 2013 skulle først i rekneskapen for 2014 og korleis borna fordeler seg i barnehageopptaket. Styrka tilbod til førskuleborn har eit overforbruk grunna fleire vedtak om dette etter sakkunnig tilråding (lovbestemt rett).

Grunnskuleområdet kom ut om lag som budsjettert. Vaksenopplæringa har eit mindreforbruk, sjølv om vi der har brukt litt meir pengar enn budsjettert. Årsaka til dette ligg i monaleg meir sal av tenester enn budsjettert.

SFO-ordningane leverer samla eit overforbruk som hovudsakleg skriv seg frå at færre enn budsjettert har nytta ordningane, utan at vi etter regelverket har hatt høve til å redusere bemanninga.

På skulelokale er det berre rekningane frå Trivselshagen som vert førde. Overforbruket kjem av at sluttavrekninga var høgare enn det Trivselshagen hadde førespegla i budsjetteringsprosessen. Skuleskyssen har overforbruk fordi billettprisane vart auka meir enn vi hadde teke høgde for.

Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste har eit markant meirforbruk som i hovudsak skuldast feilbudsjettering. Tilskot til psykologstillinga vart ved ein feil inntektsført på to ulike ansvar i budsjettet. I tillegg hadde vi noko svikt i refusjonane frå staten på tenesteområdet. Tenesta har hatt god styring og halde utgiftssida med god margin.

Barneverntenesta leverer gode resultat, men har eit monaleg meirforbruk på botnlina når det gjeld barneverntiltak utanfor familien. Dette skuldast at refusjonsordningane for Annekset (bueininga for mindreårige asylsøkjjarar) er vesentleg omlagd. I praksis betyr det at meir av dei midlane kommunen får tilført for desse ungdomane gjennom andre kanalar enn frå Buf-etat må tilførast eininga for å gje eit rett bilete. Ein gjennomgang av totaløkonomien for dette tiltaket viser at det likevel er ein positiv bidragsytar til kommuneøkonomien.

Samla sett har sektoren eit meirforbruk på vel 3,8 millionar. Dette skuldast i hovudsak meirutgiftene til ikkje-kommunale barnehagar, dobbeltbudsjettering av refusjonar frå staten og endringar i refusjonane frå Buf-etat.

Kort om året 2014

- Barneverntenesta hadde ansvaret for kursrekkje med fylkesdekkjande kompetansehevingstiltak
- Bjarte Gangeskar slutta etter mange års teneste som barnevernsleiar, Per Ståle Husevåg vart tilsett
- Etablert Team for Tidleg Innsats i PPT for arbeid med tidleg innsats i barnehagane
- PPT og helsestasjonen tok i bruk COS (Circle of Security)
- Av med sekken, på med beltet-aksjon i samarbeid med politiet og Trygg Trafikk for alle skulane på hausten
- Oppstart av byggjeprojekt på Gloppen ungdomsskule

- Fleire skular har hatt studentar i praksis og både Mona og Breim barnehagar vart praksisbarnehagar
- GOS har etablert eit godt samarbeid om sal av tenester til Eid kommune
- Oppstart av arbeid med utvikling av gjennomgåande klima-/miljøfag i samarbeid med Firda vidaregåande skule
- Oppstart av forskingsprosjektet ASK (Active Smarter Kids) for 5. klasse
- GOS starta eit samarbeid om opplæring av innvandrar busette i Eid kommune.

Investeringar i 2014

Sjølv om det aller meste av arbeidet som vert gjort i sektoren kan sjåast som investering, er det i rekneskapssamanhang i hovudsak nybygg, kostbart utstyr, større renoveringsprosjekt og infrastruktur som vert rekna som investering. IKT-investeringane har halde fram, og dei fleste skulane har no fått fleire digitale tavler. Dette er verktøy vi gjerne skulle rulla ut i full skala, men budsjettet dette året gav ikkje rom for det. Det har vore investert 868 000 netto på utstyr til undervisning (elektroniske tavler, datautstyr, programvare og pultar/stolar). Dette har det vore behov for, og behovet framover er stort på dette feltet. Breim skule er den einaste skulen og Breim barnehage den einaste barnehagen som ikkje har fibertilgong.

Det tunge prosjektet både finansielt og arbeidsmessig er ombygginga som starta ved Gloppen ungdomsskule. Her vart det brukt vel 6,5 millionar netto i 2014. Andre byggjeprojekt har vore oppgradering av deler av Mona barnehage (Furestubben), der vi brukte vel 750 000 netto. I tillegg har vestveggen på gymbygget ved Hyen skule vore vølt for vel 800 000 netto. Alle desse tiltaka var det stor trong for, og det er berre Gloppen ungdomsskule som ikkje er ferdig og strekkjer seg ut over 2014. I Hyen ventar vi på å kunne starte renoveringa av skulen og i 2015 vil arbeidsplassane for lærarar ved Nordstranda skule verte utbetra.

Statistikk og tendensar

I KOSTRA, GSI (GrunnSkolens Informasjonssystem) og Skoleporten ligg det mykje statistikk for sektoren tilgjengeleg for den som vil lese det. Vi presenterer her kort nokre tendensar henta derfrå og frå egne data. Kostrarapporteringa i kommunen vart ikkje fullført tidsnok til at vi nådde den førebelse publiseringa i år, slik at Kostradata for Gloppen har vi ikkje for 2014 i skrivande stund.

- Vi har god kapasitet på barnehageområdet og ledige plassar i fleire barnehagar. Dette gjev oss høve til å ta inn born som kjem til kommunen gjennom året
- Nesten alle lærarar i Gløppeskulen har godkjend utdanning, berre 9% stilling er dekkja opp av ufaglærte
- Snittet i Gloppen ligg under snittet i fylket og landet på nasjonale prøver i lesing og engelsk (5. årssteget), og over dei i rekning. På 8. årssteget ligg vi over snittet for fylket og landet på alle tre områda
- Det er ingen ungdomsskuleelevar som tek fag på vidaregåande nivå dette året
- Avgongselevane i Gloppen hadde gjennomsnittleg 41,3 grunnskulepoeng, fylket 41,5 og nasjonalt 40,4
- Det er ein tydeleg tendens mot meir styrka tiltak i barnehagane og meir spesialundervisning i skulen
- PPT opplever stor vekst i tilmeldingar
- Helsestasjonen har styrkt arbeidet ut mot skulane, mykje arbeid med innvandrarar og godt besøk på helsestasjon for ungdom
- Ingen born har måtte plasserast i institusjon av barnevernet dette året.

Spesielle hendingar i 2014

- Kulturkveld i Trivselshagen av og med Sandane skule. Samla to fulle hus til førestillinga *Vårt vesle land – ei reise gjennom norsk historie frå 1814 til 2014*
- PALS-konferanse for Sogn og Fjordane på Gloppen Hotell med fleire innleiarar frå Breim skule
- Oppstart av byggjeprojekt på Gloppen ungdomsskule
- 5. klassingane i kommunen deltek i ASK-prosjektet (Active Smarter Kids), eit forskingsprosjekt om læring og fysisk aktivitet i regi av Høgskulen i Sogndal.

Utvikling over tid

GJENNOMSNITTLEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Netto driftsutgift ¹	*	59.619	56.241	53 644	55 594	51 692	51 480	48 126	44 567
Elevtal ²	777	747	743	772	772	752	751	777	783
Kostnad per elev ³	*	103.029	97.879	90 885	89 094	89 918	85 797	79 248	72 405
Endring i % frå året før	*	5,3	7,7	2,0	- 0,9	4,8	8,2	9,5	3,6

* Tala kjem 15. juni 2014

¹ Sum utgifter på teneste 202 – grunnskule i 1.000 kroner

² Tal frå GSI

³ Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev)

KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Netto driftsutgift ¹	*	31.219	32.411	26.268	6.408	2.538	1.305
Talet på barn i kommunale barnehagar	176						
		169	170	180	207	220	195
Talet på barn i alle barnehagar	286	295	293	287	320	314	291
Kostnad per barn ²	*	155.902	158.982	135.103	132.441	115.367	101.691

* Tala kjem 15. juni 2014

¹ Sum utgifter på teneste 201 – førskule i 1.000 kroner. Den dramatiske auken i nettoutgift for tenesta samla skuldast staten si omlegging av finansieringssystemet av barnehageområdet. Frå 2011 er statstilskotet til barnehagar ein del av rammetilskotet, og blir ikkje inntektsført på barnehagane.

² Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage).

Kommunen har no tre kommunale og fem private barnehagar.

PPT

Frå 01.01.2014 vart det, i samband med ny samarbeidsavtale med fylkeskommunen, gjort ei endring av samansetjinga av personalet på kontoret. Den merkantile stillinga vart teken ut av avtalen, og vi fekk i staden auka talet på fagstillingar frå to til tre. Fylkeskommunen dekkjer, som før, 28 % av PPT sitt samla budsjett. Delar av den eine fagstillinga var vakant heile 2014. Frå 01.08.14 vart team for tidleg innsats i barnehagane knytt til PPT. I teamet er det to tilsette. Prosjektet går fram til 31.12.15. Tilbakemeldingane frå barnehagane og foreldra er at dette er eit lågterskeltilbod som fungerer godt, og som ein ynskjer å vidareføre. Dette året har vi, saman med helsestasjonen og barnehagane, også fått prosjektmidlar frå fylkesmannen si satsing på Sjumilssteget. PPT leiar dette prosjektet som har tittelen «Foreldre som ressurs i språkutvikling og språkstimulering». Leiar tok hausten 2014 til på leiarutdanning i SEVU-PPT ved NTNU. Dette er ein del av ei nasjonal satsing på PP-

tenesta. Team for tidleg innsats (TTI) og ein av sakshandsamarane har delteke på kurs i «Circle of security parenting», og har teke i bruk denne metoden i foreldrerettleiing.

PPT sin statistikk viser utvikling for kvart skuleår. Skuleåret 2013/2014 auka talet på saker frå 164 til 194. Auken i tilmeldingar heldt fram hausten 2014. Stor pågang av nye saker medfører lenger ventetid. PPT ser behov for ein dialog med skuleeigar og rektorane for å sjå på denne utviklinga og gjere ei prioritering av kva skulane ynskjer av tenester frå kontoret, og kva skulane kan ta ansvar for sjølve. Samanheng mellom individ- og systemarbeid og god kvalitet på både tilpassa opplæring og spesialundervisning er viktige stikkord. PPT arrangerte dette året tre nettverkssamlingar for spesialpedagogane på skulane. Dette er eit tiltak skulane uttrykker at det er behov for. Hausten 2014 kom vi i gang ein fast kontordag på Firda vidaregåande skule.

Helsestasjonen

Foreldre til dei 67 barna som vart fødde fekk tilbod om foreldrerettleiingskurset : Circle of security - tryggleiksirkelen. Vi hadde 8 gruppesamlingar både vår og haust med god deltaking og gode tilbake-meldingar via evaluering av kurset.

Gjennom prosjektet Sjumilssteget fekk vi midlar slik at vi saman med barnehagane og PPT starta eit

prosjekt om språkstimulering og språkutvikling. Vi har saman med fysioterapeut vidareført satsinga på å førebygge overvekt og har undervist alle på 3. trinnet om «Bra mat» og fysisk aktivitet. I vidaregåande skule har vi fått statleg tilskodd for å kunne tilby at helsesøster er meir på skulen.

Fødselstala dei siste 10 åra utifrå helsestasjonen sine fødselsmeldingar og flyttemeldingar

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Fødde i kommunen	67	48	70	57	67	63	72	58	61	59

Barnevernet

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Talet på saker	75	78	62	57	69	57	51	38	37
Hjelpetiltak	51	62	55	51	63	52	44	31	30
Fosterheimar (barn under omsorg)	12	15	13	9	9	9	7	7	7
Institusjon	0	2	2	1	1	0	0	0	0
Barn over 18 år	3	5	13	17	9	3	4	1	2

Barneverntenesta i Gloppen har fagleg og økonomisk ansvar for tiltaket for mindreårige flyktningar i kommunen. Bufetat sine refusjonsordningar vart endra i desember 2013, etter at budsjettet for 2014 var vedteke. Dette medførte ytterlegare 20 % fråtrekk i refusjonsbeløpet, som skapte avvik mellom budsjett og rekneskap på kr 550.000.-. Dette er ei vesentleg årsak til overskridinga på rekneskapen for 2014.

Fleire datamaskiner kollapsa sommaren 2014 og ein måtte gjere ei naudsynt utskifting av IT-maskin-varen ved barneverntenesta. Barnevernkonsu-lenten arbeidde mykje med dette hausten 2014, og vi har hatt eit godt samarbeid med Nordfjordnett. Det har resultert i at vi i dag har godt og tenleg utstyr, som gjer at vi har lite nede-tid på IT. Særleg set vi pris på at vi no har tilgong på fagprogramma våre når vi har med oss laptop og har nett-tilgong. Dette gjev god fleksibilitet i tenesta.

Barnevernleiar Bjarte Gangeskar sa opp si stilling med verknad frå 15.08.2014. Med si erfaring og kompetanse har han gjort ein sær god innsats for å vidareutvikle og bygge opp barneverntenesta i Gloppen. Han var og sentral i utviklinga av fagmiljøet på Grandane. Bjarte er no tilsett som fagleiar i barneverntenesta i Eid kommune. Ny leiar for barnevernet i Gloppen er Per Ståle Husevåg, som er klinisk sosionom med bakgrunn frå psykisk helse, familievern og BUP. Husevåg tok til som leiar av tenesta 01.10.14. Barnevernkonsulent Gerd Ynnesdal var konstituert leiar i perioden mellom desse to, og gjorde ein framifrå jobb i overgangen. Takka vere stabilt personale som er fagleg dyktige og står på i arbeidet sitt, har overgangen gått utan vanskar. Eid, Gloppen og Stryn kommunar samarbeider om tiltaksteam, som arbeider endringsfokustert inn i

familiar. Pr i dag har vi to tilsette i teamet, men ein ser behov for å styrke teamet med ei stilling. Dette heng saman med overføring av oppgåver frå Stat til kommune. På same tid er krava til forsvarleg sakshandsaming strenge og omfanget av nye saker / undersøkingar stabilt. Dette gjer at ein vanskeleg kan flytte ressursar frå sakshandsamar til tiltaksarbeidar.

Barnevernet i Gloppen har delteke i læringstilsyn i regi av fylkesmannen, der ein gjekk gjennom rutinar for oppfølging av barn i fosterheim. Dette var lærerikt og vi meiner det har styrka kvalitetsikring av vår oppfølging av barn i fosterheim. Av anna fagutvikling er det viktig å nemne at Gloppen barnevern i samarbeid med oppvekstsjefen fekk ansvar for å arrangere fagsamlingar for heile fylket, finansiert av fylkesmannen sine midlar for fagutvikling. Vidare har to tilsette fordjupa seg i Crowell, eit karleggings-verktøy for samspel mellom foreldre og barn, og to tilsette har teke kurs i Euro – Adad, ein semistrukturert test som er svært nyttig i vurdering av ungdom si helse og deira livssituasjon.

Barnevernet er hendingssstyrt. Det betyr at vi på kort tid kan få store oppgåver i hendene, og sit med ansvar for å løyse dei både praktisk og økonomisk. Barneverntenesta i Gloppen fekk 37 bekymringsmeldingar i 2014. Ikkje alle desse medførte tiltak frå barnevernet, men talet seier noko om at det er mange barn og unge som har vanskelege omsorgs- og oppvekst-vilkår, også i Gloppen. Vi meiner det gode fagmiljøet der PPT, barnevern, helsestasjon og kommune-psykolog er samlokalisert, bidreg til eit godt og differensiert lokalt tenestetilbod til barn og foreldre i Gloppen.

Helse- og omsorgsutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik i %	Rekneskap 2013
Administrativ leiding	0	0	0	133.336
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	188.882	184.000	3	181.209
Anna førebyggjande helsearbeid	3.000	16.000	-81	-17.490
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshe	5.754.749	4.717.000	22	4.093.991
Diagnose, behandling og re/habilitering	14.551.993	14.780.000	-2	13.969.889
Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid	4.172.626	4.766.000	-12	4.325.987
Tilbod til personar med rusproblem	20.140	15.000	34	20.557
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	21.649.507	21.235.000	2	19.398.821
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	95.895.480	95.784.000	0	89.032.158
Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester	80.450	8.000	906	0
Kommunalt disponerte boligar	325.802	400.000	-19	851.466
Kommunale sysselsetjingstiltak	1.193.620	1.158.000	3	1.188.912
Introduksjonsordninga	3.798.001	3.665.000	4	3.250.938
Kvalifiseringsprogrammet	148.928	825.000	-82	375.767
Økonomisk sosialhjelp	2.911.671	2.877.000	1	2.850.860
TOTALT	150.694.848	150.430.000	0	139.656.401

- er lik mindreforbruk.

Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Overforbruket skuldast at vi fekk meldt personar som trengde eit arbeidsretta aktivitetstilbod. Dette løyste vi ved å kjøpe aktivitetstilbodet med Mona Vekst. I eininga Psykisk helse vart noko lønn ført feil på denne tenesta som skulle vore ført på tenesta pleie, omsorg og hjelp i heimen.

På Gloppen kommunale kjøkken vert utgiftene delt mellom institusjon og støttetenester. Her er eit overforbruk på støttetenester, men eit nesten tilsvarende underforbruk på institusjon. Salsinntektene på støttetenester vart mindre enn budsjettert, då prisen på mat vart redusert.

Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid

Hovudgrunnen til mindreforbruket på tenesta er sjukelønsrefusjon. Vi har hatt tilsette ut i permisjon utan å kompensere dette fullt ut med vikar, samt at deler av refusjonen vart inntektsført på 2014, medan utgiftene var på 2013.

Tilbod til personar med rusproblem

Overforbruket kjem av at etterverngruppa i Gloppen fekk innvilga økonomisk støtte for å kunne halde vidare drift i gong.

Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

I 2014 var det ikkje laga budsjett på tenesteområdet, difor vart alle utgifter ført på KAD eit overforbruk. Vi fekk også overføringar til å dekke utgiftene, så samla sett vart det ikkje overforbruk.

Kommunale sysselsetjingstiltak

Dei faktiske kostnadane for drift av samarbeidet om helsefagklassa ved Firda vgs. kom på kr. 274.000,- mot budsjettert 270.000,-.

Introduksjonsordninga

Overforbruk kjem av at fleire flyktningar var i eit introduksjonsprogram enn vi hadde budsjettert med. Dette er vanskeleg å budsjettere då kostnadane her avheng av kor mange flyktningar vi tek i mot og når på året dei vert busett.

Kvalifiseringsprogrammet

Årsaka til det store avviket er at vi ikkje har hatt aktuelle kandidatar til kvalifiseringsprogrammet, samt at vi har klart å utnytte dei statlege verkemidla godt i 2014.

Investeringar i 2014



Gloppen kommunale kjøkken

Arbeidet med ventilasjonsanlegget på kjøkkenet vart ferdigstilt. Dette har medført eit mykje betre arbeidsmiljø for dei tilsette.

Kjøkkengjengen er godt fornøgde med nytt ventiasjonsanlegg. Foto: Gunnvor Sunde.

Spesielle hendingar i 2014

Kvardagsrehabilitering

Vi har i 2014 gått i gang med implementering av kvardagsrehabilitering i heimetenesta. Mange er i gang med opplæring i metodane som vert brukt og deltek i oppfølging av pasientane i prosjektet. Dette er ei positiv satsing med faglege og tverrfaglege utfordringar for dei tilsette. Det gjev positiv gevinst for pasientane som får betra funksjonsnivå. Pasientar og pårørande er oftast er svært fornøgde.

Kommunalt tilbod for akutthjelp med døgnopphald (KAD)



F.v. Jorunn Landstad, Svanhild Solheim og Anne Elise Solberg ved Gloppen omsorgssenter 1 etg. Foto: Iren Utheim Knutsen.

Vi starta opp med KAD-plassar på Gloppen omsorgssenter 01.12.14. Dette har vore spennande og

utfordrande, og vi gjer oss fortsatt erfaringar. Avdelinga har mange faglege utfordringar, men personalet trivast og tar utfordringane på strak arm. Ei lærande avdeling med fokus på fag/kvalitet og dei tilsette er flinke til å dele kunnskap.

Frisklivssentralen

Vi ser ein merkbar auke i tilvising og deltaking i fleire av tilboda i Frisklivssentralen.

Prosjektet «Saman i kvardagen» er gjennomført og avslutta. Dette har vore eit samarbeid med brukarorganisasjonane og retta mot kronikarane. Tilbodet er no integrert i Frisklivssentralen.

Vi har også starta fallførebyggande treningsgruppe for eldre i Gloppen i kantina på Gloppen omsorgssenter. Eit godt besøkt tilbod.



Dei tilsette i fysio-/ergotera pitenesta på Grand-ane. Foto: Margot Andenes.

Miljøplan

På Gotatoppen har vi dette året lagt spesiell vekt på tilbod om aktivitetar for brukarane og har fått på plass ein miljøplan. Ein av hjelpeleiarane har delteke i nettverket «miljøbehandling i eldreomsorga» i Sogn og Fjordane og har gjort ein flott innsats for å få på plass avtalar med barnehage, pensjonistkoret, prest, lokale spelemenn i tillegg til bingo og trim. Alt dette for at brukarane skal ha meningsfulle dagar.



Blide tilsette på Gotatoppen: Turid Aasen, Berit Kleppenes og Laila Henden. Foto: Siv K. Haugen.

Utvikling over tid

Teneste	2014	2013	2012	2011	2010
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	359	359	354	376	377
Mottakarar av støttekontakt	60	63	73	65	59
Mottakarar av omsorgslønn	13	11	11	11	10
Bebuarar i bustadar disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	150	152	152	148	148
Bustadar med bemanning heile døgnet	67	67	65	65	61

Tal tenestemottakarar i tenestene er nokolunde stabilt. Vi ser likevel ei endring i meir komplekse, omfattande og fagleg utfordrande saker. Dette er i tråd med forventingar som følgjer av reformer og endringar i forventningane til kva oppgåver kommunane skal løyse. Det utfordrar tenestene og er ressurskrevjande.

KOSTRA-tal per 31. desember.

Utvikling i liggedøgn

	2014	2013	2012	2011	2010
Korttid/rehab.	3.889 (88,79 %)	3.754 (85,7 %)	4.726 (75,96 %)	5.488 (88,44 %)	5.851 (94,29 %)
Langtidsplassar	2.920 (93,08 %)	2.853 (85,2 %)	2.769 (94,57 %)	2.867 (89 %)	2.909 (99,62 %)

I 2013 vart tal plassar redusert med 5. Då ser vi at beleggsprosenten stig, men liggedøgna vert færre. I 2014 har vi høg beleggsprosent og har periodevis opplevd stort press på korttidsplassane.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Frå 24. juni 2013 vart talet på plassar i 1. etg. på Gloppen omsorgssenter redusert til 20. Tal plassar vart redusert med 5 fordi liggedøgns-statistikken sidan 2010 viste at vi hadde ein overkapasitet på korttidsplassar. Presset på plassane i 2014 har vore periodevis svært stort. I desember 2014 starta vi opp to KAD-plassar (Kommunal akutt døgneining), som kjem i tillegg til dei 20 institusjonsplassane.

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet
67 bustader på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet
50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Bustad utan fast bemanning

37 bustader: på Sandane. 8 av desse bustadene har to soverom.

Avlasting for born og unge

Gloppen kommune har 4 avlastingsplassar på Solsikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamleg i bruk, kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.

Teknisk og landbruksutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik i %	Rekneskap 2013
Administrativ leing	1.526.787	818.000	87	1.983.883
Eigedomsforvaltning	3.237.954	2.847.000	14	2.429.175
Gloppen heradshus	824.298	914.000	-10	829.015
Interne serviceeiningar	0	1.000	-100	0
Vaksenopplæring	73.000	73.000	0	67.111
Førskulelokale og skyss	1.760.971	2.020.000	-13	1.740.878
Skulelokale	8.713.591	9.385.000	-7	8.091.706
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	127.861	180.000	-29	149.079
Aktivisering og støttetjeneste til eldre og funksjonshemmede	36.485	146.000	-75	34.329
Diagnose, behandling og re/habilitering	306.616	444.000	-31	317.054
Barneverntenesta	51.350	73.000	-30	50.227
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	940	-15.000	-106	92.883
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	-686.377	-431.000	59	-308.839
Gloppen sjukeheim	2.208.334	2.639.000	-16	2.138.912
Kommunalt disponerte boligar	-5.637.406	-5.102.000	10	-5.830.164
Etablering og oppretth av eige bolig	209.300	201.000	4	0
Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	-732	0	0	0
Behandling av plansaker	314.972	394.000	-20	678.789
Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	83.726	139.000	-40	21.818
Kart og oppmåling	719.532	805.000	-11	332.277
Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	212.029	227.000	-7	-31.065
Kommunal næringsverksemd	-195.134	-250.000	-22	270
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for vid	3.498	0	0	0
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	234.506	0	0	230.904
Landbrukskontoret og landbruksnæringar	3.142.587	3.119.000	1	3.105.418
Samferdslebedrifter/transporttiltak	26.955	27.000	-0	11.074
Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og	5.627.367	4.948.000	14	6.161.137
Kommunale vegar, nyanlegg, drift og vedlikehald	34.764	0	0	2.105
Kommunale vegar, miljø- og trafikksikring	0	385.000	-100	55.142
Parkar, torg og off. toalett	450.820	382.000	18	322.986
Førebygging av brann og andre ulukker	456.594	461.000	-1	502.216
Beredskap mot brann og andre ulukker	3.470.471	3.368.000	3	2.716.754
Produksjon av vatn	1.466.476	1.078.000	36	1.500.012
Distribusjon av vatn	-1.466.135	-1.068.000	37	-1.477.102
Avløpsrensing	5.572.135	5.487.000	2	6.063.078
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-5.583.000	-5.473.000	0	-6.073.730
Naturforvaltning og friluftsliv	-9.828	21.000	-147	12.861
Museum	0	48.000	-100	0
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	356.300	340.000	5	305.202
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	0	70.000	-100	0
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturby	19.000	48.000	-60	16.656
Kommunale kulturbygg	3.853	0	0	900
T O T A L T	27.694.457	28.749.000	-3	26.242.953

- er lik mindreforbruk.

Kort om 2014

ORGANISERING

I 2014 har det blitt gjort omfattande organisasjonsendringar for fagområda plan og byggesak, eigedom, kommunalteknikk, brann, landbruk og næring. Frå våren 2014 er alle desse områda på nytt samla under teknisk sjef, med kvar sin einingsleiar. For 2014 var

det totalt 42,5 årsverk på einingane, fordelt på 50 stillingar.

MEDARBEIDARAR

Det har vore mykje av skifte av medarbeidarar i sektoren dette året. Kristine Dahl slutta i sin jobb i

april, medan Jostein Moldestad fungerte som teknisk sjef i perioden fram til Kjell Petter Solhaug starta som teknisk sjef 1. desember 2014. I juli vart det og skifte av landbrukssjef, då Trine Alme tok over etter evig unge Jon Egil Vik, som gav seg etter mange år i Gloppen kommune. Det er også tilsett to nye medarbeidarar i uteseksjonen.

KOMMUNALTEKNIKK

På avdelinga er det ei 100 % leiarstilling, ei 30 % stilling som tek seg av leidningskartverk og ei 20 % stilling til arbeid med gebyrgrunnlag for abonnentane. I uteseksjonen er det ei leiarstilling og 7 stillingar som fagarbeidar/driftsoperatør. Daniel Dyrnes vart våren 2014 tilsett som anleggsgartnar. Geir Håvik tok til som driftsoperatør 1. juni etter Roger Hjelle som slutta hos oss 1. mai 2014.

Vassverk

Drift av vassverk gjeld:

- Sandane vassverk , grunnvassbrønner og pumpehus på Vassenden
- Høgdebasseng i Valborgkleiva
- Trykkaukingsstasjonar på Vereide, Austrheim og Valborgkleiva
- 5 sonevassmålarar
- 3 reduksjonsventilar
- Leidningsnett
- Hovden vassverk, reinseanlegg og pumpehus i Reedfjæra
- Høgdebasseng på Kvile
- Trykkaukingsstasjonar i Hovdenfeltet og på Kvile
- Leidningsnett.

Produksjon av vatn frå dei kommunale vassverka, Hovden vassverk og Sandane vassverk, har vore stabil med gode vassprøver heile året. Vi har hatt to vasslekkasjar på leidningsnett. Det er teke i bruk eit dataprogram for varsling per telefon til abonnentar når vatnet må avstengast. Dette har vist seg å vere eit godt og effektivt verktøy for rask og sikker varsling. På leidningsnett er 920 m gamle rør utskifta. Av desse 350 m ny hovudvassleidning i Nordstrandsvegen.

Avløp

Drift av avløpsanlegg gjeld:

- Byrkjelo reinseanlegg (biologisk/kjemisk)
- Reed reinesanlegg (biologisk)
- Biovac reinseanlegg på Vassenden (biologisk)
- Silanlegget på Elvaneset (mekanisk)
- 39 pumpestasjonar
- Leidningsnett.

Tilsette på uteseksjonen utfører dagleg drift- og vedlikehaldsarbeid på desse anlegga. Noko innleige av

eletrikar/rørleggar/maskinentreprenør skjer, men stort sett utfører vi alt arbeid på avløpsanlegga sjølve.

Byrkjelo reinseanlegg

Reinsekrava på utslepp til Storelva er oppnådd i høve utsleppsløyve. Drifta av anlegget går godt, men vi har driftsvanskar når meieriet har store påslepp og driftsproblem på sitt reinseanlegg. I 2015 reknar vi med å ha klart eit forprosjekt for oppgradering av reinseanlegget. Slammet frå anlegget vert no levert til Sunnfjord Miljøverk fordi komposteringsanlegget i Remmedalen i Eid kommune er stengt.

Leidningsnett

På leidningsnett er 720 m gamle rør vart skifta ut. I nokre pumpestasjonar er det skifta pumper og føreteke mindre oppgraderingar. Vi har ikkje hatt tilfelle med tett avløpsleidning i 2014.

Kommunale vegar

Snøbrøyting har vore utlyst for ein ny 3 års periode. Arbeidet er delt inn i 13 roder. Det kome inn berre eitt tilbod på 12 av rodene og to tilbydarar på ei rode (Byrkjelo-området). Heldigvis fekk vi tilbydarar som er vel kvalifiserte til å utføre arbeidet. Uteseeksjonen utfører som før snøbrøyting i Sandane sentrum.

Det kommunale vegnett er på ca 123 km, 85 km med fast dekke og 38 km grusveg med ca 60 bruer. På 34 av desse har vi årleg brukkontroll. Det vanlege vedlikehaldsarbeidet på vegane er:

- Snøbrøyting og strøing
- Flatelapping av slagholer
- Feiing av vegar, gater og uteområder
- Grusing og høvling
- Støvbinding
- Grøftereinsk og reinsking av stikkrenner
- Skogsrydding langs vegane
- Vedlikehald av ca 1.500 gatelys (utført av SFE).

Vedlikehaldsarbeidet på vegane i 2014 har ikkje bydd på store utfordringar som flaumskade eller ras. Det har godt greitt. På vårparten vert feiemaskina køyrt i to skift for å raskt som råd få kosta oppatt sand frå strøinga om vinteren.

Park og uteområde

Våren 2014 vart anleggsgartnar tilsett i uteseksjonen. Ei slik stilling har vi lenge ønskt oss. Vi ser alt no at kommunen sine sentrumsområder vert betre stelt enn før. No har vi fagkompetanse til stell av busker, trær og blomsterbedd. I vinterhalvåret deltek denne personen i vanleg vedlikehaldsarbeid og mest med skogsrydding i kommunen sine friområder og langs straumlinjer for gatelys. I sommarhalvåret har vi tilsett sommarhjelpar for å rekke over stell av uteområda.

Investeringar

Vassverk

Nye hovudvassleidningar er lagt på Evebø, Bakkelid, ved Triveselhagen, Eide/Kleivedammen og på Mardal, i alt 1455 m.

Avløp

Nye avløpsleidningar er lagt på dei same strekningane som for nye vassleidningar.

Kommunale vegar

Grusvegen frå Vereide til Føleide, ca 1600 m vart asfaltert. I tillegg fekk ei vegstrekning, ca 300 m, på Føleide vegrekkeverk.

Holvikelva

Prosjektet med reparasjon av elveforbygginga i Holvikelva ved Triveselhagen samt ny bru mellom Firda v.g.skule og museet vart ferdig. Heldigvis var arbeidet med elveforbygginga ferdig før storflaumen den 28. oktober. Viss ikkje ville det ha skjedd stor skade på det arbeidet som sto på. Det står att å asfaltere området mellom elva og Triveselhagen, dette vert gjort sommaren 2015. Området fekk ei vesentleg oppgradering med dette arbeidet.



Ny forbygging mot Holvikelva ved Triveselhagen. Foto: Jostein Moldestad.

Spesielle hendingar

Arbeidet med tilbygget i Eidsmona er snart ferdig og vil gje dei tilsette gode arbeidsforhold.

Ny gravelastar med diverse tilleggsutstyr vart kjøpt og teken i bruk sommaren 2014. Maskina og utstyret har svart til forventningane.

EIGEDOMSAVDELINGA

På lik linje med dei andre einingane i teknisk sektor er eigedomsavdelinga nå direkte underlagt teknisk sjef. I tillegg til eigedoms-sjefen, består avdelinga av vaktmeisterane og reinhaldarane, med kvar sin driftsleiar. Begge driftsleiarane har kontor i Eidsmona i lag med uteseksjonen, for å få til ei mest mogleg koordinert utnytting av mannskapet.

Investeringar



Av investeringsprosjekta er utbygging og ombygginga av Gloppen ungdomsskule den desidert største investeringa. Bildet under er tatt i mai 2015, og viser nybygget på ungdomskulen, som skal takast i bruk i september 2015. Foto: Odd Arne Kolseth.

Det ble starta opp og gjennomført fleire større og mindre investeringsprosjekt i 2014. Følgjande prosjekt kan trekkast fram:

- 3 kjøkken i Furustubben barnehage + pussa opp innv.golv, vegg og lys
- Ferdigstilling av renovering av 14 bad på GO
- Fiberkabel til kommunale bygg
 - Hyen Skule
 - Sandane Skule
 - Nordstranda Skule
- Ombygging brukarleilighet Åsavegen 145
- Stadionbygg Hyen, oppgradering av vestveggen, dører og vindauge
- Oppgradering av Heradshuset.
- Tilbygg driftsbygning i Eidsmona
- Muring av ny tørrmur bak Reedtunet
- Oppstart bygging av Gloppen Ungdomsskule
- Ny sengeheis på omsorgssenteret
- Ventilasjon kjøkken omsorgssenteret
- Montering av varmerør for framtidig nærvarmeanlegg
- Energibesparande tiltak
 - Flytting av varmepumpe frå Blakken til Gotatunet
 - Skifta glas Sandane Skule.

Drift

Utover den vanlige daglige drifta av våre kommunale bygninger, både av vaktmeistrane og reinhalds-gruppa, er det gjennomført ei rekke med mindre prosjekter:

- Sandane Skule: Oppgradering av uteområde. asfalt, muring og skoging
- 40 nye servantbatteri på Sandane skule med barnesikring
- 10 nye LED-lys i fellesareal på Reedtunet
- Demontert kontorvegg på Reedtunet
- Ny garasjeport, tak og nye vindu på Brannstasjon i Hyen
- Måla Bregnetunet, Lyngtunet og Plassen
- Måla Gotaveien 74-88
- Måla deler av Gotatunet
- Lydvegg Breim skule + rive vegg
- Varmepumpe fra Blakken til Gotatunet
- Totalrenovering av Gotavegen 69
- 8 nye markiser i Gotavegen 74-88
- Oppussing rom på Gotatunet
- Tilpassing av Åslyvegen 16.

Mange av dei små prosjekta som er nemnde over blir utført av eigne folk i tillegg til ordinært arbeid. På reinhaldssida har vi også begynt å tilby tenester utanfor våre kommunale bygg, noko som tyder på at vi utfører ein god jobb.

PLAN- OG BYGGESAKAVDELING

Planarbeid

Områdeplan for Sandane sentrum og Straumsholmen i Hyen blei starta opp dette året. For begge desse planane har det vore eit tett samarbeid med medarbeidarar hjå kultur- og utviklingssjefen, for å sikre ei breiast mogleg deltaking hjå brukarane. Planen for Sandane sentrum blei på hausten satt litt på vent, då det blei starte opp eit arbeid med sentrumsanalysen, som danna ulike framtidsbilde av Sandane sentrum.

Byggesaksarbeid

For 2014 blei det behandla i underkant av 200 byggesaker og dette året hadde avdelinga ein fast medarbeidar (jurist) til å handtere dette. Det er ikkje gjennomført nokon form for brukarundersøking slik som i 2013, men vi opplever sjølv lite missnøye frå våre brukare kva anngår saksbehandlingstida og tall løyver.

Oppmåling

Høg aktivitet på tal byggesøknader medfører også høg aktivitet for dei som jobbar med oppmåling kva angår frådeling og seksjoneringsaker. Fokuset med å halde leidningskartet mest mogleg oppdatert er eit kontinuerleg arbeid, og nå blir det aller meste av det

som gravast ned i heile kommunen målt inn og festa på kartet.

LANDBRUKSAVDELINGA

Jon Egil Vik gjekk av med pensjon 1. mars. Trine Alme var på plass 1. juli. 2014 var også det siste året kor næringsaktiviteten var underlagt landbrukssjefen. Næringsfond tildelte kr 705.000,- fordelt på 12 ulike saker.

Det har vore rekord kva gjeld hogst og planting i 2014. Innmålt kvantum: 26.525 m³. Plantetal: 111.600 planter – noko som er 25 % av all planting i Sogn og Fjordane.

Det har ikkje vore store endringar i saksmengde på Landbrukskontoret i året som har gått og fordelinga av tilskot er også likt dei siste åra. Nedanfor har vi gjenngitt nokon av hovudtala på landbrukssida:

Produksjonstilskot (p-tilskot)

i underkant av 60 mill kroner (58.819.683).

Digitalt levert p-tilskot

80 % (82,5 % i januar, 78,1 % i august)

Regionalt miljøtilskot (RMP)

kr 2.581.961,- (175 søkjarar).

Organisert beitebruk (OBB)

kr 118.474,- (21 søkjarar).

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

kr 765.795,- (alt, løyvde og inndregne midlar).

Refusjon avløysarutgifter ved sjukdom

kr 573.679,-.

Grøftetilskot

kr 142.530,-.

1. lineteneste Innovasjon Norge

5 saker; eitt geitebruk, eitt mjølkebruk (storfe), eitt fruktbruk og to tilleggsnæringar.

- kr 13.144.000,- rentestøttelån.
- kr 2.768.000,- investeringstilskot.

I tillegg kan det nemnast at det var mange søknader til Innovasjon Norge om produksjon av frukt og bær.

BRANN OG BEREDSKAP

Siste året har Gloppen brannvesen hatt i overkant av 20 utrykningar. Dei fordelar seg slik:

- Hjertestartar 1
- Trafikkulykker 12
- Husbrann 2
- Pipebrann 1

- Gapahuk 1
- Gras og skogbrann 5
- Unødige utrykningar 6

Brannvernet deltek på lokale brannøvingar i kommunen. Saman med ambulanse og politi har vi

bl.a. vore til stade på marknadsdagar i Breim og "Redningsdag" saman med Redningsselskapet.

Av sentrale kampanjar har ein delteke i "brannvernundervisning for 6.klasse" og «aksjon boligbrann», i samarbeid med det lokale el-tilsynet.



Ny gravelastar med diverse tilleggsutstyr vart kjøp og teken i bruk sommaren 2014. Maskina og utstyret har svart til forventingane. Foto: Østlandske Maskinservice.

Kultur- og miljøutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Avvik i %	Rekneskap 2013
Administrativ leiding	0	0	0	28.572
Aktivitetstilbod barn og unge	493.225	599.000	-18	574.789
Kommunal næringsverksemd	975.348	1.195.000	-18	810.263
Naturforvaltning og friluftsliv	82.842	96.000	-14	107.891
Kulturminnevern	-2.919	-47.000	-94	2.506
Bibliotek	2.517.134	2.486.000	1	3.215.169
Kino	630.511	737.000	-14	376.449
Museum	354.408	316.000	12	303.084
Kunstformidling	463.331	470.000	-1	462.691
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	598.886	425.000	41	379.469
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2.166.384	1.328.000	63	966.134
Kulturskolen	5.348.518	5.018.000	7	4.557.796
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	670.056	549.000	22	698.952
Kommunale kulturbygg	1.330.771	724.000	84	2.342.808
Den norske kyrke	3.721.000	3.721.000	0	3.721.000
Andre religiøse føremål	0	55.000	-100	78.406
TOTALT	19.349.495	17.672.000	9	18.625.979

- er lik mindreforbruk.

Kort om året 2014

Dette kapitlet avspeglar den kommunale aktiviteten i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivsaktivitetar m.m. Skule- og kulturdelen av Trivselshagen har vore gjennom det femte heile driftsåret, og femårsjubileet vart feira 16. januar.

Den 16. januar hadde vi offisiell opning av idrettsdelen av Trivselshagen og det var

friidrettspresident Svein Arne Hansen som sto for den.

I 2014 kom Gloppen på 11. plass i Telemarksforskning si kåring av Årets kulturkommune i landet, og framleis den beste kommunen i fylket.

2014 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Spesielle hendingar

- Offisiell opning av idrettsdelen den 16. januar ved friidrettspresident Svein Arne Hansen
- Kulturskolen feira 40 års-jubileum.

Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på besøkande	16.000	15.800	15.500	15.000	12.000
Talet på konsertar i kultursalen	71	72	67	63	50

2014 var eit aktivt år i Trivselshagen. Besøkstala er stabilt høge, og held seg bra stabilt. Totalbesøket er fortsatt på godt over 15 000 i kultursalen. Mange lokale aktørar med gode arrangement må få store delar av æra for den gode publikums-oppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som gjekk. I januar hadde vi offisiell

opning av hele Trivselshagen då også idrettsdelen var heilt ferdig. Opninga sto friidrettspresident Svein Arne Hansen for saman med over 1000 personar i den nye Trivselshallen. Anlegget har hatt stor aktivitet. I badeanlegget var det rett i overkant av 42 000 besøkjande i 2014. I klatreveggen ca 3800 besøkjande.

Gloppen kino

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Talet på besøkande	10.752	12.855	11.741	10.981	8.227	8.574	8.096	6.595
Omsetning inkl. mva	766.240	965.965	800.120	774.865	510.800	488.945	442.745	355.295
Framsyningar	317	312	294	245	205	199	181	156
Snitt per framsyning	34	41	40	45	40	43	45	42

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Nedgangen i kinobesøket skuldast mellom anna mangel på store publikumsfilmar i 2014. Det er nedgang også på landsbasis. Godt besøk på norske filmar, dette utgjør om lag 35 % av totale kinobesøket.

Vi har vist 92 filmar, av dei 21 norske filmar og 9 Go`bitar. Framsyningar 3 kveldar i veka. Arrangement: Den Store Kinodagen, Den Store Skolekinodagen, Rusfri 16. mainatt, Q-Film, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken, Sommarkino, Julesamling for eldre mm.

Gloppen folkebibliotek

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Totalt utlån	46.768	47.033	46.260	45.083	44.979	46.725	41.855	42.022	44.059
Besøk	34.212	34.010	34.740	39.515	39.986	40.937	40.407	24.918	25.424
Fjernlån (innlån)	1.013	950	783	791	763	825	642	605	550

Gloppen folkebibliotek 2014: Eit stort spenn i aktivitet og bruk. Statistikken viser stabile utlånstal, med totalt 46.768 utlån. Fjernlånet (lån frå andre bibliotek) har aldri vore så høgt som i 2014, I 2014 lånte vi ut 162 einingar til andre bibliotek, også eit aukande tal.

I april gjekk startskotet for utlån av e-bøker, via appen eBokBib. Mange glopparar har teke tilbodet i bruk, og lånte tilsaman 573 e-bøker som var lest på smarttelefon eller nettbrett. Utlån av e-bøker er eit felles tilbod for alle folkebiblioteka i fylket. Ein treng berre nasjonalt lånekort for å kome i gang, og det er gratis.

Forfattarar, musikarar, forteljarar, bibliotekarar og andre formidlarar ga mange ulike opplevingar i

biblioteket. Bruk av eigne ressursar og samarbeid med andre, samtidig med fagleg påfyll som lyrikkseminar i Sogn, viser igjen i fleire lyrikk- og litteraturprogram.

Det er god kontinuitet i ulike tiltak vi har hatt ei stund, som Bokkaféen på Byrkjelo. Det har også vore nye tiltak , t.d. besøk i alle grunnskuleklassar med invitasjon til SommarLes-konkurransen, som vart arrangert for 4. gong.

Biblioteket i Trivselshagen er og skulebibliotek for Firda vidaregåande skule, der inngår m.a. lærebok-utlån. Fylkeskommunen dekkjer derfor ein del av totale utgifter.

Gloppen kulturskulen

	2014	2013	2012	2011	2010
Elevtal	347	355	370	390	376
Venteliste	67	75	132	110	136
Sal av årsverk	3,2	3,45	3,32	2,91	2,89

Sal av tenester til korpsa i kommunen er stabilt, det same er sal av musikkterapi til skulane. Vi har eit godt sal til Firda vgs, sjølv om salet har gått ned litt frå i fjor.

Distriktsmusikarane har vore aktive også i 2014, og har vore med på dei fleste store produksjonar i fylket dette året, t.d. Mozarts Requiem med kor, orkester og solistar, Turandot og Sønner av sola med Opera Nordfjord. Dei har vore på fleire turnear med

Den kulturelle spaserstokken, og på turne på ungdomsskulane i fylket med Den kulturelle skulesekken. I tillegg har dei hatt mange små og store speleoppdrag både her i kommunen og i fylket elles.

Vi har satsa stort på julekonserten vår i år. Det blei stor suksess, og den kjem til å bli ei årviss hending framover.

Elevane vore har vore synlege og aktive også i år. Dei har m.a. delteke på UKM, der fleire av dei gjekk vidare til fylkesmønstringa. Vi har også hatt fleire danseframsyningar, i tillegg til å ha elevar med på 17. mai, STIL-festen, årsmøte i Norsk kulturskoleråd m.m. To av elevane vore vart plukka ut til å vere med på talentutveksling med Polen, og har delteke på

orkesterkonsertar først i Polen og så seinare i Noreg. I tillegg til dette har vi hatt månadlege huskonsertar og andre småkonsertar.

Elevlar, lærarar og distriktsmusikarar deltok på over 100 konsertar/arrangement i 2014.

Spesielle hendingar:

Gloppen kulturskule var 40 år i 2014, og feira dette med 9 utekonsertar på Heradsplassen i juni, fordelt over 3 dagar. Det begynte med regn på torsdagen, og vi avslutta i strålende sol på laurdag. Vi hadde laga bannere, beachflagg og skikkelege plakatar, og synte verkeleg igjen på Heradsplassen den veka. Dei fleste elevane var med på jubileet, aleine eller i grupper, og

vi hadde både kor, storband og slagvekensembel, i tillegg til samspel i mange variantar.

Distriktsmusikarane våre var heilt sentrale under jubileet, dei spelte mykje med elevane våre. I tillegg hadde dei eit par lunchkonsertar midt på dag, pluss ein tangokonsert på kvelden. Alle korpsa i kommunen var også med, dei kom marsjerande inn på Heradsplassen frå kvar sin kant, og spelte ein felle konsert inne på plassen til slutt. Det var mykje publikum til stades på jubileet vårt, spesielt laurdagen var godt besøkt. Då vi avslutta heile jubileet med stor felles kor og orkester, var Heradsplassen så godt som full av folk.



Pippi Langstrømpe i fleire utgåver under 40-årsjubileet til Gloppen kulturskule i juni 2014. Foto: Anne Karin W. Ose.

Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta og IT-avdelinga.

Organiseringa av støttefunksjonane vart endra i 2014. Frå 1. august vart fellestenestene samla i «stab og støtte». Økonomiavdelinga vart samla ved at økonomisjefen og økonomikonsulenten vart organisert saman med dei andre økonomifunksjonane. Økonomisjef, ikt-sjef og personalsjef vart, saman med skatteoppkrevjar, arkivleiar og leiar for servicetorget

fagansvarleg for sine område og organisert under organisasjonssjefen. Kommunen har samla arbeidet med kommunale bustadar og har i 2014 oppretta ei stilling som bustadkonsulent. Denne stillinga er lagt til servicetorget. Organisasjonssjefen har personalansvar for alle tilsette i «stab og støtte».

Servicetorget

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte og utleige av kommunale bustader. I tillegg ivaretek servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, sekretariat for eldrerådet, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har fem tilsette (4,15 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettbrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og gloppen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemnekontor for Sandanedagane.

Servicetorget deler kontorplass med kommunen si arkivteneste.

Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unnateke legekantoret.

Som tabellen over nøkkeltala viser, er det aukande etterspurnad etter kommunale tomter.

Etter mai 2014 har kommunen stort sett klart å legge fram sakene som skal til politisk behandling innanfor fristen. Denne statistikken er derfor teken ut av tabellen nedanfor.

Nøkkeltal	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Søknader om bustøtte	**	164	187	204	197	198
Sum bustøtte i 1.000 kroner	**	2.132	2.424	2.874	3.040	2.709
Innvilga startlån til	14	14	16	5	6	-
Innvilga søknader om tilskot til bustad til	5	6	3	2	2	-
TT-ordninga (drosjekort)*	237	239	239	230	236	229
Parkeringsløyve*	2	8	4	5	9	9
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	4	3	4	6	5	4
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	3/18	13/19	10/19	4/25	6/22	8/15
Billettsal* (tal selde og utleverte billetter)	2.497	3.002	***	1.956	2.125	4.316
Tildeling av kommunal tomt*	7	3	2	2	5	2
Førehandsrøysting		968 ¹		677 ¹		702
Talet på journalførte inngåande brev	7.490	8.213	6.439	6.194	5.841	5.471
Talet på journalførte utgåande brev	5.428	5.707	4.336	4.250	4.421	4.124

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonnen tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

** Statistikk frå Husbanken for 2014 er ikkje klar enno

*** Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

Arkivtenesta

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har på tre tilsette (2;5 årsverk). Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Vi har ingen

oversikt over kor mykje av denne korrespondansen som ikkje blir journalført, og som dermed ikkje blir registrert og teken vare på. Dette er ikkje eit problem spesielt for Gloppen kommune. Heller ikkje den interne korrespondansen blir journalført i særleg grad. Vi jobbar aktivt for å rette på dette og tala for 2014 er positive.

IKT-avdelinga

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (2 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av

ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Drifts-ansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

Skatteoppkrevjaren

Frå 1. august 2014 er skatteoppkrevjaren organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med skatteoppkrevjaren som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (1,5 årsverk).

Økonomiavdelinga

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har åtte tilsette (7,8 årsverk).

Oppgåvene/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkreving av kommunale avgifter, gebyr og andre utståande fordringar
- rekneskapsføring
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg

- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktlege
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og Trivselshagen IKS, og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkreving for desse som for kommunen.

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvene åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	2014	2013	2012	2011	2010
Nordfjorderrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	74	74	74	74	74
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-210	-174	-162	- 124	- 88
Alarmsentralen Sogn og Fjordane	Brannvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)	742	619	512	539	518
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune	613	575	603	541	543
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid m/vertskommune	155	164	100	143	50
Trivselshagen IKS	Bygging av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Trivselshagen IKS	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	2.904	3.149
Nordfjordnett	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune	2.711	774	-	-	-

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune sine kostnader til gratis tomt i Eidsmona for NoMil er ikkje med i oversikta. Tal i 1.000-kroner.

Lokalsamfunn



Reed sentrum sett frå Ryssdalshornet. Det nye bustadfeltet i Hetlebakkane blir viktig for vidare utvikling av det gamle kommunesenteret i Breim. Foto: Jan Kåre Fure.

Arbeidsmarknaden:

Ved utgangen av 2014 var det 20 heilt arbeidsledige i Gloppen kommune. Dette utgjør 0,7% av arbeidsstokken. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,6 % , og i landet på 2,7 %.

I gjennomsnitt hadde Gloppen ei arbeidsløyse på 0,8 % i 2014. Arbeidsløysa Gloppen har over tid vore stabilt låg, men sjeldan så låg som vi har opplevd i 2014.

Mottak og integrering av flyktningar

I 2014 busette kommunen gjennom avtalen med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) 32 nye flyktningar. Av dette var 12 vaksne, 16 barn og 4 einsleg mindreårige.

Integreringstilskot frå staten kom på til saman kr 11.920.000,-.

21 flyktningar var i eit introduksjons-program i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit to-årig kvalifiseringsprogram med rettar og pliktar. Målet er

å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

Resultata for 2014 syner at 58% av dei som avslutta programperioden sin i fjor gjekk direkte ut i løna arbeid eller vidare i utdanning. Gloppen kommune har best resultat av kommunane i Sogn og Fjordane på dette området.

Sjukefråvær

Tabellen under syner det samla legemeldte fråværet i kommunen i 2014 og er eit gjennomsnitt for heile året. Vi har òg teke med tala for kommunen som arbeidsgjevar og samanlikna dette med tal for kommunal forvaltning.

	2014
Totalt for landet	5,4 %
Totalt for Sogn og Fjordane	5,0 %
Totalt for Gloppen	4,0 %
Gloppen kommune som arbeidsgjevar	5,5 %
Kommunal forvaltning	7,2 %

Det samla sjukefråværet i kommunen har i perioden vore lågare enn for landet og for Sogn og Fjordane. Dette er ein trend som vi har sett i mange år.

Gloppen kommune som arbeidsgjevar har høgare fråvær enn elles i kommunen, noko som også er vanleg i andre kommunar.

Sjukefråværet i organisasjonen har auka det siste året. Det er difor viktig at både arbeidsgjevar og arbeidstakarane saman arbeider for løysingar som framover kan hindre eller redusere fråvær.

Samfunnsutvikling

I tråd med politiske føringer er det i 2014 sett i gang eit systematisk arbeid rundt utvikling av kommunesenteret Sandane og sentrum av lokalsamfunna våre for å skape eit grunnlag for vekst.

Stadanalyse Reed

Fylkeskommunen har hatt ansvar for prosjektet som har vore gjennomført i perioden våren 2013 til hausten 2014. Fokus har vore å synleggjere natur- og kulturverdiar i område, og legge til rette for utvikling og vidareføring av reguleringsplanarbeidet i område.

Områdeplan for Straumsholmen



Som oppfølging av ein lokal samfunnsutviklingsprosess som vart sett i gang hausten 2013 i tett samarbeid med utviklingslaget i Hyen, vart det hausten 2014 utarbeida ein ny områdeplan for Straumsholmen med kommunen sine egne planleggarressursar. Prosessen har pågått gjennom heile 2014, der vi har lagt sterk vekt på å involvere innbyggjarane i Hyen gjennom heile prosessen.

Sentrumsanalyse Sandane

vart sett i gang hausten 2014 av Norconsult AS i tett samarbeid med ei lokal arbeidsgruppe. Det var i samarbeid med sentrumsskulane og ungdomsrådet lagt til rette for ei brei medverknad frå barn og unge, og innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, grunneigarar og politikarar fekk høve til å delta med idear gjennom eit framtidsverkstad. Kommunen fekk tildelt 120.000,- kr i tettstadutviklingsmidlar frå fylkeskommunen til prosjektet.

Frå Kom heim-treff i Hyen i 2014. Foto: Beate O. Kornberg.

Oppfølging av bustadsosial handlingsplan (BSHP)

I februar 2014 vart det etablert ei tverretatleg styrings-gruppe for oppfølging av BSHP for å få fortgang i arbeidet med å løyse kommunen sin utfordringar. Gjennom 2014 vart det gjort fleire viktige grep for betre ta i vare kommunen sine lovpålagde oppgåver på bustadområde, fornye kommunen sin bustad-masse og skaffe fleire bustader til vanskelegstilte i kommunen. Dette resulterte i igangsetting av fleire bustadprosjekt:

- Kartlegging av bustadbehov blant unge vaksne med nedsett funksjonsevne.

- Utlysing av anbod om kjøp av 4 større bustader primært til flyktningar.
- Utlysning av Hamarøy-modellen – Oppføring av 6 private bustader med offentlig tildelingsrett for unge med nedsett funksjonsevne med behov for oppfølging i bustad.
- Sal av eldre kommunale bustader
- Tilsetting av bustadkonsulent ved servicetorget, som bl.a. har medført nye rutinar og husleigeavtalar.

Trygge lokalsamfunn

Det vart desember 2013 vedteke å starte ein prosess med å systematisere kommunen sitt skade og ulykkesførebyggande arbeid på tvers av sektorane, med mål om å søke godkjenning som eit «Trygt lokalsamfunn» i løpet av 2-3 år. Det er etablert ei styringsgruppe for satsinga beståande av ordførar, rådmann, lensmann og koordinator for trygge lokalsamfunn (sekretær).

Det har gjennom 2014 vore jobba med forankring, val av satsingsområde, etablering av arbeidsgrupper,

kartlegging av eksisterande tiltak og iverksetting av nye.

Kommunen hadde følgjande satsingsområder i 2014:

1. Trygg i trafikk
2. Beredskap ved alvorlege hendingar i barnehagar og skular
3. Rus og kriminalitetsførebyggande arbeid
4. Landbruksulykker.

Kven representerer Gloppen kommune?

